

## «Den stupide bonde'kultur'»

Nynorsken har sjeldan erobra nytt terreng utan motstand.

SIDE 12–15



## Næringslivspris til Trøndelag

Grindal Ysteri frå Rennebu har fått Nynorsk næringslivspris 2019.

SIDE 20–21



## «Svar frå ein useriøs synsar»

UiO-professor held fram ordskiftet med redaktørane for Norsk språkhistorie.

SIDE 10–11

# Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 1  
februar 2020



## Answaret ingen vil ta

Ingen protesterer på at det er for få digitale læremiddel på nynorsk. Men alle ventar på at andre skal gjere noko med det.

SIDE 4–7

## Når kampen må takast

■ Dei viktigaste slaga for nynorsk står i skulen. Når vi kjempar for nynorskens plass blant barn og unge, kjempar vi òg for at framtidige generasjonar skal oppleve det som eit dugande bruksspråk.

■ Andre kampar er gjerne enklare og meir behagelege for oss nynorskvenner. Om vi til dømes ber om pengar til eit prosjekt som kan fremje nynorsk som kulturspråk, er vi meir ufarlege. Vi verkar blidare. Vi slepp å plage andre med språket vårt. Nynorsk blir det sundagspråket somme meiner det bør vere.

■ Difor er det freistande å la kampen for bruksspråket vere, anten vi held til i målrørsla eller i kommunen. Det kan få alvorlege konsekvensar. Eit viktig trugsmaal mot nynorsken i dag er at dei som veks opp med det, opplever nynorsk som eit dårlegare bruksspråk enn bokmål. Når ungdomstida kjem, er det ofte majoritetsspråket som dreg. Og når folk blir eldre, og ein del kunne tenkje seg å vende heim att til nynorsken, kan dei det ikkje godt nok. For folk vil skrive eit språk dei kan. Det kan dei ikkje lastast for.

■ Vile ein oppvekstsjef på Hamar eller i Tønsberg teke i bruk appar som kom på nynorsk som hovudregel? Eller på svensk? Svaret er truleg nei. Når vi veit at nynorskelevar er dårlegare i hovudmålet sitt enn bokmåselevar, burde kollegaene i nynorskland ha eit endå større insentiv til å stoppe fleire læremiddel i døra.

■ Det beste kommunane kan gjere for å betre læremiddelsituasjonen, er å slå seg saman og samordne krav om digitale læremiddel på nynorsk. Eit openbert forum for det er Lands-samanslutninga av nynorsk kommunar (LNK). Men dagleg leiar Vidar Høviskeland opplyser til Norsk Tidend at organisasjonen aldri har vore i kontakt med produsentar på vegner av kommunane for å få fleire læremiddel på nynorsk. Noko av grunngjevinga er at strategien hadde «passa betre for meir aksjonsretta organisasjonar». Ein må lure på kva Høviskeland meiner LNK eigentleg skal drive med.

■ Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar får inn godt over millionen i medlemspengar kvart år. Det er på tide at kommunane krev valuta for pengane.

ASTRID MARIE GROV

### Utgegeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Astrid Marie Grov,  
astrid.grov@nm.no,  
tlf. 23 00 29 32

**I redaksjonen:**  
Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** www.nm.no

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no



# Den nye da

**DEN SÅKALLA «DANSKETIDA»** er ein periode som ennå ofte kjem opp i ordskitte om norsk språkutvikling og historie. Namnet har blitt sett på perioden da Noreg var i union med Danmark, frå 1380 til 1814. I denne tida var kongar danske, og handelsmonopol, bankar, universitet og stats-administrasjon var alle plasserte i København. Økonomien blei styrt frå Danmark, og dansk blei det nye skriftspråket.

**I 2020 MERKAR** vi – og særleg vi i målrørsla – framleis følgjene av denne perioden.

Når vi nå skal ta nynorsken i eit nytt tiår, slår det meg at 200 år etter er vi inne i ein ny periode i dette landet da makt hamnar utanfor eigen demokratisk kontroll medan administrasjonen av viktige funksjonar i samfunnet blir gjort frå utlandet. Dette viser seg mest i den økonomiske politikken, men også når det gjeld vernet om norsk språk.

**I DET NYE**, globale «København» rår gigantane som vi har sloppe inn i våre liv: Facebook, Google, Amazon, Apple, Netflix og fleire til. Mykje meir enn vi likar, legg desse konserna premissane for språkutviklinga, medan lokale, norske styresmakter berre har tafatte tiltak til svar.

I det offentlege ser vi at nynorsk skule etter nynorsk skule innfører digitale, kortsiktige løysingar som ikkje inkluderer nynorsk. I Forsand skule i Rogaland har til dømes alle elevar fått utdelt Googles Chromebook. Chromebook har ikkje fungerande nynorsk retteordbok. Til Aftenposten fortel lærar Laila Iren Rossavik at resultatene i norsk har gått ned etter at elevane byrja med dei

## LEIARTEIGEN



MAGNE AASBRENN  
leiar i Noregs Mållag

nye maskinane. – Dei sukker og stønnar over at dei ikkje har hjelpemidla dei hadde frå før, seier ho til Aftenposten.

«**KVEN ER DEN** store Chromebook-kongen som håvar inn pengar på dette utan å gi alle elevane dei reiskapane dei har krav på?» skriv lokallagsleiar Annlaug Haukalid i Forsand Mållag til meg.

«Chromebook-kongen», svarer eg, er jo altså Google, eit underbruk av det enda større selskapet Alphabet, med hovudkontor i Mountain View, California, USA. I skrivande stund debatterer europeiske politikarar korleis dei skal skattlegge Google. I Noreg omsette dei for 3,8 milliardar i fjor og betalte 4 millionar i skatt.

**NOREGS MÅLLAGS ÆREND** hjå Google er billigare for dei. Vi vil berre at dei skal legge digitale program til rette for nynorsk, slik konkurrentane Microsoft og til dels Facebook har gjort. Problemet er at Google tydeleg ikkje vil la seg kontakte direkte. Du finn ikkje noko ope telefonnummer eller noka e-post-adresse der du kan skrive til Google Noreg og spørje om hjelp. Samtidig har dei fleste av oss frivillig greidd å surre oss inn i kingel-



Illustrasjon: Kjartan Helleve

# nsketida

veven deira og gjort oss avhengige av å henge fast. Personleg har eg nytta Googles gratis e-postsystem sidan 2007, og det har blitt arkivet mitt over det eg har skrive på desse åra. Det er på Googles YouTube at alle videoane ligg, ja, ordet «å google» har i praksis blitt eit norsk verb.

**OG DET ER** ikkje berre dette konsernet vi sit fast i nettet til: Strømekanalar som Netflix tar over skjermane med null prosent nynorsk teksting. Amazons taleforståingssystem skjønner berre riksmålstale, og Microsoft Words nynorske retteprogram fell stadig ut på Apples iPad.

Og merk: Ingen av desse er spesielt glade i bokmål heller. Dei tener meir på oss om engelsk språk blir einerådande i riket.

**EIN VIKTIG MÅTE** å hindre språktapet på, er ved å bruke lovverket. Derfor er det skuffande at dei som lagar norske lover, ikkje ser kor akutt situasjonen er. På tampen av fjoråret fekk kunnskapsminister Jan Tore Sanner utgreiinga frå opplæringslovsutvalet i hendene. NOU-en på 810 sider tar ingen nye grep for å sikre nynorskelevane digitale læremiddel i skulen på nynorsk. Det skal framleis vera slik at kontorstøttestyr som Chromebook skal kunne brukast i skulen utan at det blir stilt krav til at det skal vera like godt på nynorsk som på bokmål. Verken norsk språk generelt eller nynorsk særskilt skal få ekstra sikring i den nye digitale røyndomen til norske elevar.

**HELDIGVIS ER DETTE** berre ei utgreiing, den politiske handsaminga kjem i 2020, og ny opplæringslov skal bli vedtatt i 2021.

I første omgang må Storting og regjering i denne

vårterminen vedta ei språklav som vernar om norsk språk generelt og nynorsk spesielt. Språkmakta må tydeleg bli lagd hos norske folkevalde og fjernast frå utanlandske aktørar som syg til seg norske persondata som råvarer for profit.

Til inspirasjon i saka kan representantane enkelt og greitt sjå på det store måleriet bak talarstolen i Stortinget. Der sit dei som avslutta dansketida den førre gongen.

*Språkmakta må tydeleg bli lagd hos norske folkevalde og fjernast frå utanlandske aktørar som syg til seg norske persondata som råvarer for profit.*

En trønder – som ifølge sin egen forklaring hadde drukket en halv flaske vodka og flere øl før han dro på byen i Kristiansund – reagerte med en springskalle da kristiansunderen kommenterte dialekten hans.

**Tidens Krav**

- Eg er betre på nynorsk. Morsomare på nynorsk. Meir original på nynorsk. Det er ein opplagt fordel å vere i mindretal, dersom du skal vere morsom og original.

**Are Kalvø til Romsdals Budstikke**

Eksamen på NTNU med elendig nynorsk i oppgåveteksten:

Meg: Betyr dette at eg skal samanlikne to ideologiar? Faglærer: Ja, det var visst ein skrivefeil der. Viss du ser på den NORSKE versjonen forstår du. Meg: Du meiner bokmål? Faglærer: Ja, unnskyld!

**@solhe1m på Twitter**

Eg er ein av ytterst få på arbeidsplassen min som skriv nynorsk, så når eg til tider skriv feil så har eg luksusen av å påstå «nei, det er berre sånn nynorsk funker, av og til såbrukar du ikkje mellomrom».

**@mvrekws på Twitter**

Jeg for min del har blitt gratulert både med med nynorsk-heder og fine TV-programmer, uten å ha løftet en finger. Takket være Arve U. Riktignok også fått kritikk fordi jeg sto feil plassert som reporter under brannen i Lærdal. Hvilket var berettiget. Jeg var jo ikke der.

**@arvfug (journalist Arve Fuglum om journalist Arve Uglum i NRK Sogn og Fjordane)**

Aldri er det samlet inn så mange Grasrot-millioner som i for. Men ikke alle får like mye: Bærum mål-lag får 8 kroner til klubbkassa.

**Budstikka**

– Språkleg fell ein på rumpa rett ut av startgropa.

**Peder Lofnes Hauge, nestleiar i Noregs Mållag til Framtida.no om skulequiz på bokmål frå Vestland fylkeskommune**

Registrerer at dei fleste som synest pennesplitten til Volda ser ut som ein vulva, er bokmålsfolk. Kan dette ha med å gjera at «skrevet» kan bety to ting på bokmål?

**@VetleMikkelsen på Twitter**

Jeg forstår godt at Åse Wetås, direktør i Språkrådet, forsvarer kvensk. Det sitter jo flere byråkrater i Språkrådet som lever av å pusle med denne utdaterte og retarderte dialekten.

**Sanna Sarromaa i Nordlys**

– To av over 20 appar på nynorsk er ikkje godt nok for ein nynorskelev, meiner mor **Jorun Marie Kvernberg**. Nynorskkommune ønskjer seg fleire digitale læringsverktøy på nynorsk, men har ikkje slått seg saman for å be om det.

# Skulen som sprang ifrå nynorskelevane?

**JORUN MARIE KVERNBERG** er opprørt på vegner av sonen. Han tok til i fyrsteklasse i nynorskkommunen Volda i fjor haust, men kom til ein læringskvardag der bokmål i stor grad er det digitale språket. På nettbrettet til sonen, som har blitt eit viktig innslag i opplæringa, har Kvernberg telt appane. Av dei vel 20 som er installerte til læringsføremål, fann ho berre to på nynorsk.

## – Nynorsk verkar lite viktig

– Nesten alle norsk- og matteappar er på bokmål eller engelsk. Det går i til dømes «Regne», «Regne Mer» og «Skoleskrift». Eg synest særleg det siste er kjempemerkeleg, at nynorskelevar brukar skriveprogram med menyar på bokmål, seier Kvernberg.

Ho understrekar at ho ikkje kjenner til nøyaktig korleis og kor mykje appane blir brukte i klassen, men er kritisk til at kommunen forsvarar seg med at iPaden er eit supplement i undervisninga.

– Elevane skal ha med iPaden på skulen kvar dag, og det verkar som om han er i dagleg bruk. Me har òg fått beskjed om at kommunen har valt ikkje å kjøpa inn ei mattebok dette året, fordi dei i staden ville bruka pengane på andre behov. Då er det iPaden som blir det viktigaste læremiddelet i faget, og dermed stemmer



Foto: Kristin Støylen

*Eg vart skuffa over at dei digitale læremidla på bokmål blir så ukritisk omfamna i ein kommune som Volda.*

**Jorun Marie Kvernberg**

ikkje argumentasjonen til kommunen.

Kommunen har svikta, meiner Kvernberg. Ho legg ikkje skjul på at ho er negativt overraska.

– Eg vart skuffa over at dei digitale læremidla på bokmål blir så ukritisk omfamna i ein kommune som Volda, der nynorsken står så sterkt. Ein reknar jo med at det òg skal gjelda i skulen, men der verkar nynorsken som lite viktig for dei. Om ikkje Volda kommune greier å gje ungane ein nynorsk skulekvardag, kven skal greia det då?

Dei negative konsekvensane for elevane er uunngåelege, seier Kvernberg.

– Desse ungane er heilt i starten av opplæringa, og det å møte så mykje bokmål i undervisninga vil gje dei ei oppleving av at det er det som er det viktigaste språket. Nynorsken blir på si side noko som høyrer heime i dei tradisjonelle lærebøkene og ikkje er med på laget i den moderne tida som iPaden representerer.

Kommunen har vore naiv og burde venta lenger med å innføra digitale læremiddel i skulen, meiner Jorun Marie Kvernberg.

– Om kommunen hadde hatt litt is i magen og gått saman med andre nynorskkommunar for å koma med eit krav mot produsentane, hadde saka vore mykje enklare. Når ein allereie har kjøpt

inn appane på bokmål, har ein gjeve frå seg eit viktig pressmiddel.


## Vedtak om nynorske læremiddel

Opplæringslova er klar: Norske elevar skal ha læremiddel i si eiga målform, og det er kommunen som har ansvaret for at det skjer. Kommunestyret i Volda har tilmed stadfest at lovverket skal følgjast gjennom eit eige vedtak. Så korleis kan det ha seg at så få appar er på nynorsk? Kommunalsjef for oppvekst Per Ivar Kongsvik seier dei fleste appane til kommunen inneheld så lite tekst at praksisen kan forsvarast.

– Mange av appane som er i bruk i voldsaskulen, er i all hovudsak å sjå på som eit rammeverk der bruken vert styrt av læraren og eleven som skriv og les på si eiga målform. Den norske teksten i desse appane utgjer på den måten ingen eller ein liten del av bruken, og dei er dermed ikkje omfatta av parallellkravet i lova.

Undervisningssituasjonen i matematikk ved skulen Kvernberg refererer til, er eit døme på at digitale hjelpemiddel kan gje store vinstar i undervisningskvardagen, meiner Kongsvik. Han seier Kvernberg gjev eit skeivt bilete av læremiddelsituasjonen i faget.

– Fakta er at fyrsteklassingane har grunnbok i matematikk. Ein har altså lærebok i faget. Så har ein valt vekk ei oppgåvebok, sidan lærarane



Illustrasjonsfoto: Tormod Brekke



har vurdert det slik at Multi smart-øving på iPaden gjev betre tilpassa opplæring. I tillegg gjev dette ein økonomisk gevinst som gjer at skulen kan prioritera auka pedagogtettleik. Lærarane har fridom til å velja metode basert på sitt faglege skjønn, og her er det etter mitt skjønn gjort eit godt val.

Kongsvik seier læremiddel-situasjonen for nynorske digitale læremiddel burde vore betre, men meiner kommunen i hovudsak har gjort gode val.

– Eg kan ikkje slutta meg til at Volda kommune ukritisk har omfamna dei digitale læremidla. Det viktigaste for oss er tilbodet for

*Eg kan ikkje slutta meg til at Volda kommune ukritisk har omfamna dei digitale læremidla.*

**Per Ivar Kongsvik,**  
**kommunalsjef for oppvekst**  
**i Volda kommune**

elevane, og kva læremiddel som er best eigna til å skapa meistring og glede i læreprosessen. Så er me fullstendig klar over dei utfordringane me har som nynorsk kommune og krava i lov og forskrift.

Satsinga på digitale verktøy er godt forankra i kommunen og har betra læringskvardagen for elevane, meiner Kongsvik.

– Digitale ferdigheiter er ein grunnleggande dugleik, og har etter kvart vorte avgjerande for å kunna delta i ulike former for læring og utdanning og deltaking i samfunns-livet. Innføringa av digitale verktøy og læremiddel har endra skulen mykje, og mange føresette kjenner ikkje att skulen. I Bærum kommune, som ligg langt framme når det gjeld digitalisering i skulen, seier dei at dei undervurderte denne faktoren. I Volda ser me også at me kan bli flin-

kare til å gje dei føresette god informasjon og innsyn i skulekvardagen anno 2020.

Det er bruken i klasserommet som avgjer om ein app fungerer godt eller dårleg, meiner Kongsvik.

– Det er den enkelte læraren sitt ansvar og faglege skjønn som avgjer kva metodar og verkemiddel som skal nyttast i undervisninga for å nå kompetansemåla og elles oppfylle skulen sitt generelle samfunnsmandat. Me har tillit til at våre lærarar har god kunnskap og dugleik til å gjera gode og kloke val både i bruken av digitale verktøy og læremiddel, og at dei står fram som gode språklege rollemodellar.

Oppvekstsjefen er ikkje uroleg for språkopplæringa til elevane i voldaskulen.

– Det er ein nynorsk skulekvardag våre elevar møter, og nynorsken

**DIGITAL OPPLÆRING:** Volda kommune har nytta iPad i skulen sidan 2017, og oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik meiner det har auka læringsgleda for elevane. Foto: Dina Storvik



er ein viktig del av identiteten vår. Målet vårt er å gjera elevane trygge i si eiga målform og i sitt eige målføre, slik at dei held fast på det i vidare utdanning og arbeid.

Kongsvik er likevel klar på at det kan vera rom for betringar, og seier kommunen no vil sjå gjennom appane sine.

– Eg er oppteken av at elevane i voldaskulen digitalt skal ha eit likeverdig tilbod med elevane elles i landet. Det skal dei ha innanfor det rommet opplæringslova med tilhøyrande forskrift gjev skuleeigarane. Vurderinga vår er at praksis i voldaskulen held seg innanfor dette rommet, utan at ein med det kan seia seg fullt ut nøgd. Etter ein gjennomgang vil me vurdere om det er appar me bør ta vekk, og eg ser at særleg nokre av matematikkappane våre må under lupa.

Volda kommune har vore i kontakt med produsentar for å få fleire appar til å koma i nynorskutgåve, men har fått tilbakemelding om at marknaden er liten. For at situasjonen skal bli betre, må styresmaktene leggja meir pengar på bordet, meiner Per Ivar Kongsvik.

– Eg trur det er ein farbar veg at styresmaktene gjev tilskot til å omsetja digitale læremiddel til nynorsk. Me må innsjå at me i denne marknaden ikkje er stor nok til at selskap og utviklarar set nynorsk tekst og tale til læremidla viss det ikkje svarar seg økonomisk. Tilskot som kompenserer for det, er ein mogleg veg å gå.

**– Krev at ein er medviten**  
I Vik kommune i Sogn ligg Flatbygdi skule, som til liks med Volda har satsa stort på digitalisering. Skulen er ein av få innanfor gamle Sogn og Fjordane fylke der elevane har eigen iPad, dei fleste andre nyttar PC-ar



Foto: Anne Mårdalen

*Forlag har gitt tilbakemelding om at marknaden er så liten at det er eit minusprosjekt å laga nynorskutgåver.*

**Jarle Christensen,**  
rektor i Vik kommune

som ligg på skulen. Rektor og digitaliseringsentusiast Jarle Christensen er glad i iPaden som verktøy, men meiner nynorsk som opplæringspråk legg klare føringar på kva appar som kan brukast.

– Ved skulen vår nyttar me berre såkalla produksjonsappar, altså appar der det aller meste av teksten blir skriven av eleven og læraren. På dei fleste av desse er den vesle teksten som er, på engelsk.

Skulen har bruka iPad i åtte år, og Christensen fortel at det har vore litt prøving og feiling for å koma fram til den læringskvardagen dei har i dag.

– I byrjinga hadde me mange appar installerte, men no har me kutta kraftig ned og gått over til nesten berre produksjonsappar. Det er ikkje berre av omsyn til nynorsk som opplæringsmål, men det er ein del av forklaringa.

Jarle Christensen meiner det går an å tilby nynorskelevar ein god digital læringskvardag, men at det krev sitt av skuleeigaren.

– Ein må vera medviten. Til dømes er mange terpeappar i matematikk og norsk berre på bokmål, så ein må gå gjennom jungelen av

digitale verktøy og kvalitetssikra dei. Eg skal ikkje seia at me er 100 % i mål på dette, men me er ikkje så veldig langt unna.

Christensen er ikkje uroleg for at elevane hans får ein dårlegare digital læringskvardag enn bokmåls-elevar. Han innrømmer likevel at det er appar han ville ha bruka, men ikkje kan, av omsyn til opplæringsmålet ved skulen.

– Blant dei nemnde terpeappane er det til dømes nokre eg gjerne skulle hatt til grammatikkøvingar. Det lèt seg ikkje gjera for oss, fordi me er ein nynorsk skule.

Mangelen på nynorskutgåve er òg grunnen til at skulen fyrst brukar iPad frå og med 3. klasse.

– Læringsmetoden me brukar i skrive- og leseopplæringa, STL+, er diverre ikkje godt nok utvikla på nynorsk for iPad. Hadde han vore det, hadde me nytta iPad for fyrste- og andreklassingane òg.

Christensen fortel at kommunen har vore i kontakt med produsentane for å få fleire appar til å koma på nynorsk.

– Eg har snakka med forlag sjølv og mellom anna fått tilbakemelding om at marknaden er så liten at det



**PRIORITERT ARBEIDSRÅDE:** Noregs Mållag har kampen for digitale læremiddel på nynorsk øvst på arbeidsprogrammet.

er eit minusprosjekt å laga nynorsk-utgåver. Det kunne sikkert hatt større effekt om me var fleire som melde ifrå saman.

### – For meir aksjonsretta organisasjonar

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) vart oppretta i 1993 og har til oppgave å fremja nynorsk i og på vegner av medlemskommunane sine. Organisasjonen har kring 125 medlemmer, både blant kommunar og fylkeskommunar.

Dagleg leiar Vidar Høviskeland seier til Norsk Tidend at organisasjonen har oppmoda medlemskommunane om å gjera vedtak knytt til digitale læremiddel, og å melda inn vedtaka til Kunnskapsdepartementet. Ifølgje Høviskeland er det «altfor få» som har gjort det.

Høviskeland fortel at organisasjonen ikkje har vore i kontakt med læremiddelprodusentar på vegner av kommunane for å få fleire læremiddel på nynorsk. Han forklarar det med at det ville «passa betre for meir aksjonsretta organisasjonar» og at produsent-



Foto: Noregs Mållag

*Her har nynorsk-kommunane eit særskilt ansvar som kollegaene i bokmålskommunar slepp å ta.*

**Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag**

tane er så mange at det ville vera for arbeidskrevjande.

Meldinga frå utdanningsstyresmaktene blir gjenteken gong på gong: Det er skuleeigaren sitt ansvar å berre ta inn læremiddel på språket til elevane. Høviskeland meiner lovverket må endrast, slik at fleire digitale læremiddel fell inn under opplæringslova.

Det siste får Høviskeland støtte av mållagsleiar Magne Aasbrenn i. Aasbrenn meiner smetthola som gjev kommunane høve til å bruka program med menyar på bokmål, må tettast.

– Nynorsk- og bokmålselevar må òg bli likestilte når det gjeld tilgang til ordlistor, læringsplattformer, tekstbehandlingsprogram og andre heilt essensielle hjelpemiddel i skulen i dag. Situasjonen for nynorskelevane er kritisk. Jamført med berre for 20 år sidan møter ein nynorskelev svært mykje bokmål i undervisningskvardagen.

Nynorske læremiddel er det viktigaste satsingsområdet for Noregs Mållag for tida, og ei endring av opplæringslova har stått svært høgt på ønskelista. No står ei revisjon av heile lova på trappene, men utsiktene til betre digitale kår er så langt dystre. Framlegget til ny opplæringslov kom før jul – utan ei einaste betring for nynorskelevane. Magne Aasbrenn er klar på at høyringsrunden bør gje resultat for målrørsla.

– Alle nynorskvenlege instansar må nytta høyringsrunden godt. Heldigvis har kunnskapsminister Trine Skei Grande synt vilje til nynorsk før, i jobben som kultur- og likestillingsminister, så eg meiner det er grunn til forsiktig optimisme denne gongen.

Noregs Mållag har lenge pressa på for at utdanningsstyresmaktene

skal ta større ansvar for at kommunane oppfyller krava i opplæringslova. Det har ikkje organisasjonen lykkast med. Heller ikkje fylkesmennene har prioritert denne saka. Norsk Tidend har vore i kontakt med fylkesmennene i dei tre vestlandsfylka, og ingen av dei har ført tilsyn med korleis kommunane etterlever elevane sin rett til læremiddel på eiga målform. Aasbrenn er klar på at han er misnøgd med situasjonen.

– Me kunne absolutt ønskt oss meir av styresmaktene i denne saka. Delvis etter press frå Noregs Mållag oppretta den førre regjeringa ordninga «Den teknologiske skolesekken» der det blir stilt krav om at dei digitale læremidla skulane kan få innkjøpsstøtte til, også må koma på nynorsk. Me får håpa på fleire slike tiltak.

Magne Aasbrenn seier Noregs Mållag kjem til å halda fram med å lyfta denne saka. Samstundes peikar han på at kommunane alltid kjem til å spela ei svært viktig rolle for posisjonen til nynorsk i skulen.

– Den nynorske undervisningskvardagen må sikrast både nasjonalt og lokalt. Eit betre lovverk er svært viktig, men dei årelange brota på mållova i staten har synt oss at ikkje alle problem blir løyste gjennom ei lovfesting. Og det er kommunane som til sjuande og sist har ansvaret for at læringa er god nok, og her har nynorsk-kommunane eit særskilt ansvar som kollegaene i bokmålskommunar slepp å ta. Det beste kommunane kan gjera, er å stå saman for å visa produsentane at det er ein marknad for digitale læremiddel på nynorsk. Mykje av det aller viktigaste arbeidet for nynorsk skjer på kommunale kontor.

ASTRID MARIE GROV  
astrid.grov@nm.no

# Kraftig medlemsauke i Nore

**Medlemsvekst!** Ikkje sidan slutten av 80-talet har Mållaget hatt så mange medlemmer som no. I 2019 var det heile 13 581 betalende medlemmer.

**PÅ FYRSTE STYREMØTET** i det nye året vart medlemsveksten feira med kake.

– Det er klart vi må feire når vi har medlemsrekord! Det er så mange eldsjeler som skal ha takk. Dei står på for Mållaget, tek verv og vervar andre, og driv både lokallaga og medlemsorganisasjonen framover, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

– *Korleis er det å vere leiar i ein organisasjon i medlemsvekst?*

– Det er stor stas og veldig moro! Og eg må leggje til at det er moro at vi veks i ei tid der det slett ikkje er alle organisasjonar og parti som gjer det.

– *Kvifor har Mållaget auke i medlemstalet?*

– Eg trur det er fleire grunnar. Dei store utviklingstrekkja i verda er at vi ser auka globalisering og sentralisering. Eg meiner vi opplever ei motrørsle til det, og at det lokale og å ta våre på vårt eige vert viktigare for folk, seier Magne Aasbrenn.

– Så er vi heldige med skrivearbeid fordi vi har røynde folk som arbeider med medlemsverving og oppfølging av organisasjonen og lokallaga. Jamn og god jobbing frå skrivearbeid saman med resten av organisasjonen har gjeve gode resultat, seier Magne Aasbrenn.

Statistikken syner at det er mange fleire av dagens medlemmer som betalar. Det må vi tolke som at dei er nøgde med korleis vi driv laget for tida. Så har vi den praktiske grunnen at det er blitt enklare å betale, både på SMS, Vipps og etter purring på e-post. I 2019 var det 122 dødsfall og få utmeldingar med 474 medlemmer.

## Læreplansak gav innmeldingsbølgje

Han peikar også på at det har vore ei fredstid i organisasjonen. Så i staden for at tillitsvalde har vore opp-tekne av å arbeide og argumentere mot kvarandre, har ein fått til utetterretta arbeid. Vervinga i lokallaga har gitt fin framgang.

– Så får vi òg ny oppslutning når det kjem saker der nynorsken vert trua. I saka om fastsetting av ny læreplan i norsk har Noregs Mållag vore usamd med regjeringa og var imot å slå saman karakterane i hovudmål og sidemål i 8. og 9. klasse på ungdomsskulen og 1. og 2. klasse på vidaregåande skule. Då dette vart kjent, såg vi at mange melde seg inn i Mållaget, seier Magne Aasbrenn, – og her nådde vi mange gjennom bruk av sosiale medium. Aasbrenn



## FAKTA:

- I 2019 var det 13 581 betalende medlemmer. Det høgste talet sidan 1989.
- I 2018 var 13 050 betalende medlemmer
- I 2019 har det kome til 1249 nye medlemmer.
- Sidan 1. oktober har det blitt verva 670 nye medlemmer.

tykkjer det er moro at det er dei store bylaga våre som går fram.

– Det er moro å leggje merke til at topplaga i vervestatistikken er Oslo, Bergen og Bærum. Det er tydeleg at vi er i ferd med å nå målet om at det skal vere heilt greitt å nytte nynorsk også i storbyane, seier Magne Aasbrenn.

HEGE LOTHE  
hege.lothe@nm.no

## Vervetevling

I år har det vore ei eiga vervetevling mellom dei lokale mållaga. Lista syner at det verkeleg er nokre lag som har stått på og fått resultat i vervearbeidet. Dei 10 øvste laga på lista vann kvar si barnebokpakke.

### Vinnarar av vervetevlinga:

Lokallag	Nye i 2019
1. Oslo Mållag	56
2. Bergen Mållag	50
3. Bærum Mållag	26
4. Suldal Mållag	25
5. Vik Mållag	24
6. Stavanger Mållag	19
7. Karmøy Dialekt- og Mållag	18
7. Stord Mållag	18
9. Alvdal og Tynset Mållag	15
9. Voss Mållag	15

### Dei neste plassane:

Lokallag	Nye i 2019
11. Time Mållag	14
11. Ullensvang mållag	14
13. Sandefjord og Sandar Mållag	13
14. Vinje Mållag	12
15. Borgund Mållag	11
15. Fitjar Mållag	11
15. Hamar dialekt- og mållag	11
15. Molde Mållag	11
15. Nidaros mållag	11
20. Follidal Mållag	10
20. Hareid Mållag	10
20. Lista Mållag	10
20. Mållaget i Kristiansand	10
20. Sauda Mållag	10
20. Skedsmo Mållag	10
20. Tingvatn Mållag	10



# Noregs Mållag



**NØGD GJENG:** Skrivarstova til Noregs Mållag og Norsk Målungdom jublar for det høgste medlems-talet på mange år.

## Rogaland Mållag 100 år!

**DET ER JUBILEUMSVÅR** for Rogaland Mållag, som fyller 100 år 26. mars. Den store festkvelden vert laurdag 28. mars 2020 klokka 18 på Gaffel og Karaffel i Stavanger. Det er ei solid rekkje med gode underhaldningskrefter som deltek: Tore Renberg, Inger Bjåtveit, Åshild Vetrhus, Berntastova, Silje Vige, Johan Egdetveit og Østen Bergøy. Festleiarar er Tilde Hoel Torkildsen og Ragnhild Orheim. Det blir tapas og dans med gruppa FYK. I samband med jubileet blir det fylkesårsmøte i Rogaland Mållag og eit eige seminar om utfordringane knytte til målbytte. Det er medlemsvekst i Rogaland Mållag og fleire nye lokallag, så det er ein vital hundreåring som inviterer til fest!

## NT LANGET RUNGT

**MÅLPRIS TIL VOSS SPAREBANK:** Voss sparebank fekk målprisen til Voss mållag for 2019.



Banken er ein svært stø nynorskbrukar som har sikra seg domenet nynorskbanken.no. Prisvinnaren vart i 2004 den fyrste med nynorsk nettbank saman med Ørsta/Volda Sparebank, og var òg sentral då dei fyrste pengesettlane med nynorsk tekst kom i 1940.

**NYNORSKKURS I VALDRES:** Valdres Mållag og Nord-Aurdal Mållag inviterer til nynorsk-kurs fire kveldar denne vinteren, melder avisa Valdres. Det er Aud Søyland som held kurset, og det passar for alle som har lyst til å friske opp att nynorskknunnskapane sine.

**TYSVÆR MÅLLAG TOPPAR LISTA:** Det er om lag 70 lokale mållag som deltek i Grasrotandelen til Norsk Tipping. I år er det Tysvær Mållag som har tent mest av mållaga. Laget fekk 6023 kroner i 2019. Andre lag som kan nemnast, er Sola Mållag som fekk 3171 kroner, Varanger Mållag i Finnmark fekk 3775 kroner, Bergen Mållag fekk 3165 kroner, Vefsn Mållag i Nordland fekk 4656 kroner, Melhus Mållag fekk 2040 kroner, Senjamållaget fekk 1133 kroner og Nordmøre Mållag 2550 kroner.

**DET BESTE DIALEKTORDET I ROGALAND:** NRK Rogaland ber alle lyttarar og sjåarar bli med på å kåre det beste dialektordet i Rogaland. Dei skal kåre vinnaren den 12. februar. Denne kåringa lagar dei høve 100-årsjubileet til Rogaland Mållag.

– Dialekt er noko som markerer identiteten vår. Interesse for språk i Rogaland og Noreg er veldig stor, seier **Terje Torkildsen** til NRK Rogaland. Han er målmann og forfattar, og er med på å skipe til 100-årsjubileet til Rogaland Mållag.

**MÅLPRIS FRÅ STORD KOMMUNE:** Sunnhordland Kraftlag fekk årets målpris for 2019 i Stord kommune. Det var utvalet for oppvekst og kultur som vedtok kven som fortener å få prisen.



**NYTT STYRE:** Geir Arne Solheim (frå venstre), Arnfinn Kolerud, Tonje Elisabeth Husevåg og Øystein Sortland er medlemmer i styret i det nyskipa Ytre Nordfjord Mållag. (Ragne Furnes Larsen, Håkon Sjøstad og Eva Westvik var ikkje til stades da biletet blei teke.)

**YTRE NORDFIJORD MÅLLAG ER SKIPA:** I desember vart Ytre Nordfjord Mållag skipa. Laget erstattar Vågsøy Mållag og Selje Mållag, som har vore sovande lag i mange tiår. Ny leiar er **Øystein Sortland**, og han har fått med seg eit godt styre: Geir Arne Solheim, Arnfinn Kolerud, Tonje Elisabeth Husevåg, Ragne Furnes Larsen, Håkon Sjøstad og Eva Westvik. Ytre Nordfjord Mållag har fått fem heilt nye medlemmer i år. Laget enda opp på 33 medlemmer i 2019, og det er ein solid medlemsauke.

**SPANDERER NYNORSKE STRYKEMERKE:** Kvinnherad Mållag tek på seg spanderbuksene, melder avisa Grannar. Mållaget skal dela ut nynorske strykeemerke til raudruss som ynskjer å pynta russedressen med nynorske tekstar.

**SPRÅKSPALTE:** Nokre lokalaviser har eigne språkspalter der lokale målfolk skriv om språk. I Romsdals Budstikke er **Øyvind Fenne**, leiar i Romsdal Mållag, ein av tre bidragsytarar til ei eiga språkspalte.



**NY GIV I SAUDA:** I Sauda vart det invitert til oppattskipingsmøte for lokallaget i november. Heile 30 møtte, og det var god stemning då dei skipa opp att Sauda Mållag. **Sigve Gramstad** snakka om retten til eige språk. Han kjem frå Sauda og har tidlegare arbeidd for Europarådet sin ekspertkomité for det europeiske språksjarteret. Det har gjeve ny interesse for målsaka i Sauda. Laget auka med 11 medlemmer og har no 53 medlemmer i laget. Det er det beste medlemstalet sidan 2002. Terje Fatland (i midten) blei vald til ny leiar i Sauda Mållag. Dei andre i styret er (frå venstre) Marie Imsland, Hans Høyen Solberg, Aslaug Tangerås og Dagfinn Birkeland.

# UiO-professor Sverre Stausland Johnsen svarar redaktørane for *Norsk språkhistorie*:

## – Svar frå ein u

**I 2016 KOM** det fyrste bandet av Norsk språkhistorie ut, med tittelen *Mønster*.

Eg skreiv ein kritisk artikkel om dette bandet i tidsskriftet *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* førre året (NLT nr. 37), og etter at den artikkelen var utgjeven, gjennomførte *Norsk Tidend* (NT) eit stutt intervju med meg i nr. 4 førre året. I nr. 5 av NT kom redaktørane av *Norsk språkhistorie*, Helge Sandøy og Agnete Nesse (SN), med eit langt skriftleg tilsvaret til utsegnene mine i NT. I dette tilsvaret frå SN er det vitskaplege utgreiingar med litteraturtilvisingar, og det står i kontrast til det stutte munnlege intervjuet med meg, der det ikkje er rom for å få med alle nyansar. Det kan låta som SN har valt å skyta sporv med kanonar, men eg vel å ta det for eit teikn på at dei har teke kritikken min på alvor.

NT har spurt om eg vil svara på kritikken frå SN, og det gjer eg her. Nedanfor svarar eg med dei same fem bolkane som SN har i tilsvaret sitt. SN viser fleire gonger til artikkelen min i NLT, og kallar intervjuet «eit samandrag av bokmeldinga hans i [NLT]». Der det er relevant, kjem difor eg òg til å visa til denne artikkelen.

### Omlyd i sterke verb

I *Mønster* står dette skrivne:

*De fleste former for gammalnorsk [...] har spor av i-omlyd i presens [av sterke verb]. Sørøstlandske (især vikværske) målfører har likevel ikke spor av i-omlyd i dokumentene. Kanskje skyldes fraværet av i-omlyd i kildene analogisk utjamning [...] (s. 259).*

Merk «ikke spor av i-omlyd» og «fraværet av i-omlyd» i sørøstlandske. I intervjuet seier eg at «det står at gammal sørøstnorsk ikkje hadde i-omlyd i sterke verb». SN meiner at det «ikkje [er] ei korrekt framstilling» av meg. Eg lét det vera opp til lesarane å døma om eg gav ei misvisande framstilling av sitatet frå *Mønster* her.

SN vil forsvara framlegginga i *Mønster* med at ein annan forfattar

i eit anna kapittel i boka motseier forfattaren av sitatet ovanfor. Eg er ikkje viss om det er eit kvalitetsstempel for eit referanseverk at forfatarane kjem med påstandar som motseier kvarandre. Her òg vil eg la lesarane døma sjølve.

### Genitiv

I intervjuet seier eg dette: «Det blir [...] skrive at genitivkonstruksjonar [...] som 'bygdas ordførar', er ein direkte arv frå genitiv i gammalnorsk». SN svarar med at «[d]ette er ein svært grov feil» av di det «ikkje [står] noko eksempel med 'bygdas ordførar' i boka. Her diktar Johnsen altså opp eit referat».

Det er ei uvanleg lesing av det eg sa, for då ser dei visst bort frå ordet «som» i utsegna mi. Ho kan lesast på same måte som setninga «Talentfulle skiløparar som Therese Johaug finst i Nord-Noreg òg», ei setning som kan vera sann jamvel om det ikkje er ein talentfull skiløpar med namnet Therese Johaug i Nord-Noreg. Eg skulle meina det er tydeleg her at det er tale om genitivkonstruksjonar av det slaget som «bygdas ordførar» er eit døme på, og ikkje sjølve sambandet av akkurat desse to orda. Ein konstruksjon som «bygdas ordførar» uttrykkjer tilhøyrse (sjå Trygve Knudsens *Kasuslære*), og ifylgje *Mønster* er det nettopp dette som representerer utviklinga frå gammalnorsk til nynorsk:

*Utviklinga av -s ifrå kasusending (genitiv i gammalnorsk) til possessivklitikon i moderne norsk [...] [...] possessivklitikonet [...] er [...] berre nytta om tilhøyrse (s. 245).*

Hadde det vore meir rom for nyanseringar i intervjuet, kunne eg ha formulert meg so at det eg sa, hadde samsvara endå betre med det eg skreiv i NLT:

*I denne boka legg [dei] det fram slik at genitiven lever att frå gammalnorsken, berre at bruket har gått frå å vera ei ekte kasusending til å verta eit slikt klitikon [på -s]. [Men d]en strukturen me finn i genitivsfrasar som bygdas ordførar, er eit heller nytt lån frå norsk-dansk [...] (s. 119–120).*

Når *Mønster* ikkje skriv anna enn at genitivsendinga -s i gammalnorsk har overlevd i eit moderne klitikon -s som uttrykkjer tilhøyrse, då må ein lesar konkludera med at tilhøyrsekonstruksjonar som bygdas ordførar er ein arv frå gammalnorsk. Men det er dei ikkje, og det er dette eg kritiserer *Mønster* for. SN les framlegginga i *Mønster* annleis:

*[Det er] på s. 245 [i Mønster] nettopp forklart korleis genitiven i mellomnorsk gjekk igjennom ei forandring til å bli ei markering av eigeomsforhold [...]. Forholdet mellom 'bygda' og 'ordførar' er ikkje eit eigeomsforhold, og derfor er eksempelet uaktuelt [...].*

SN har rett i at konstruksjonen «byg-

das ordførar» ikkje uttrykkjer eigeom (sjå *Kasuslære*). Som nemnt uttrykkjer det tilhøyrse. Men som vist ovanfor skriv forfattaren i *Mønster* at klitikonet -s nettopp er bruka om tilhøyrse. Det står ingenting i boka om «eigeom». Dimed er det vanskeleg å sjå på kva måte dømet mitt med «bygdas ordførar» var «ein svært grov feil».

Men på eitt punkt skal SN få noko rett. I intervjuet seier eg at «genitiv-s er noko som har døydd ut i norsk». Her burde eg i sitatsjekken ha lagt til ei nyansering med «i all hovudsak». Men sidan SN har lese artikkelen min i NLT, so veit dei at eg er mykje klår over desse nyan-sane. Der skriv eg dette:

*Det som burde vera hovudsaka i ein gjennomgang av historia åt genitiven i norsk, er om han lever att i talemålet i det heile, og i kva grad han gjer det. Det spørsmålet kjem [dei ikkje] inn på. [...] I nedverd ordlegging er [genitiv] produktivt berre i nokre målføre i Agder og Telemark, som i hatten Olavs og hesten Kjetils (Aasen 1848 [...]). I ei norsk språkhistoriebok burde desse tinga ha vore nemnde (s. 119–120).*


Som sitatet viser, kritiserer eg *Mønster* for at dei ikkje kjem inn på desse tinga i det heile. Då er det noko ironisk at når SN no skal korrigerer den noko unyanserte utsegna mi i intervjuet, då dreg dei fram akkurat dei same opplysingane som eg gjorde i NLT, og med same tilvisinga til Aasen. Ein må spørja seg kvifor SN ikkje tykte desse opplysingane var naudsynte å ha med i eit omfattande referanseverk som *Mønster*, men lyfter dei fram no etter at eg skreiv om dei i NLT. Det kan synast som kritikken min om at det burde ha vore med i *Mønster*, har nått fram.

### Haldningar og språkendingar

I intervjuet og i NLT har eg ytra meg kritisk til korleis *Mønster* i stor grad avviser ein samanheng mellom haldningar og språkendingar. Denne bolken i *Mønster* har redak-

*Eg er ikkje viss om det er eit kvalitetsstempel for eit referanseverk at forfatarane kjem med påstandar som motseier kvarandre.*

# seriøs synsar



tøren Sandøy skrive sjølv, og på dette punktet grip SN til harde ord når dei tek til motmæle.

I *Mønster* drøfter Sandøy ei undersøking der folk har svara på spørsmål om kva målføre dei tykkjer er fine, og kva målføre dei trur folk i Noreg meiner har høg status. Det synest ikkje vera nokon samanheng mellom desse medvitne haldningane og dei røynelege språkendingane. I intervjuet sa eg difor at «eg meiner at ingen av [desse] spørsmåla er særleg relevante for å finne årsaka til språkendingar». SN er samde i det: «[I] granskingane viser dei bevisste haldningane ikkje samsvar med språkendingstendensane.»

I forlenginga av dette seier eg då: «Det er meiner er relevant å spørje

om [...], er kva folk synest er kult». Då kjem kraftsalvane frå SN. Å seia slikt, skriv SN, er «å synse lettvtint», og «det [er] useriøst å berre synse og påstå». Det som framstår som noko underleg no, er at SN forsvarar seg med å peika på at «dette spørsmålet [er] faktisk stilt i den underbevisste granskinga». Korleis kan det vera eit forsvar at undersøkinga spør om det som SN samstundes meiner er useriøs synsing? Når det kjem til stykket, var det eg sa, kan henda ikkje so useriøst likevel?

### Norsk og dansk

Skal me fylgja læra hans Arne Næss om sakleg meiningsutveksling, er motmælet frå SN i bolken «Norsk og dansk» eit døme på «tendensiøs bruk av stråmenn». Fremst i

*Motmælet frå Sandøy og Nesse i bolken «Norsk og dansk» er eit døme på «tendensiøs bruk av stråmenn».*

bolken siterer SN det eg faktisk sa i intervjuet: «Boka skil ikkje mellom det som er opphavleg norske talemålsdrag, og det som har kome inn utanfrå, hovudsakleg frå dansk, men òg frå svensk». I staden for å mæla imot dette, vel SN heller å setja opp to stråmenn, som dei so brukar resten av bolken på å riva ned att. Den fyrste stråmannen er denne: «Johnsen meiner at dette skiljet mellom opphavleg norsk og ikkje-norsk må vere grunnleggjande for heile framstillinga [i *Mønster*]. Eg kjenner ikkje til at eg har sagt dette nokon stad. Den andre stråmannen er: «[Johnsen] hallar til eit etymologisk opphavsperspektiv som formidlar eit syn om at 'norsk' og 'ikkje-norsk' er innebygde eigenskapar som følgjer språkfenomena gjennom historia». Heller ikkje dette har eg nokon gong orda frampå om. Det er merkande at SN vel å setja opp desse stråmennene om kva eg «meiner» og «hallar til» når dei skal mæla imot, i staden for å gå imot det eg faktisk sa.

### Aasen og Indrebø

I intervjuet kritiserte eg *Mønster* for å byggja for lite på verka *Norsk målsoga* av Gustav Indrebø og *Norsk Grammatik* av Ivar Aasen. SN skriv at dei ikkje tek denne kritikken tungt, av di «eit forskingsprinsipp er å gå til kjeldene og ikkje skrive blindt av etter andre». No er dette endå eit døme på ein stråmann, sidan eg heller ikkje har oppfordra nokon til å «skrive blindt av etter andre». Men det SN ser bort frå her, er at boka *Norsk Grammatik* er ei primærkjelde. Som eg skriv i NLT:

«For norsk talemål og norsk grammatikk på 1800-talet finst det inga betre kjelde enn grammatikken til Ivar Aasen» (s. 108). Når *Mønster* i so liten grad brukar *Norsk Grammatik* til primærkjelde, har det gjort framstillinga av talemålsdrag på denne tida misvisande, og det er dét eg har kritisert.

Det er ingenting i vegen for å gå direkte til kjeldene i staden for å byggja på tidlegare granskingar, jamvel om det lett kan føra til at ein må finna opp hjulet på nytt. Men det er heller ikkje difor eg har kritisert *Mønster* for å ha bruka *Norsk målsoga* for lite. Kritikken min går ut på at det er påviselege range opplysingar i *Mønster* om ting som Indrebø legg fram rett i *Norsk målsoga*. Det var difor eg skreiv dette i NLT: «Me må kunna krevja at ei ny språkhistoriebok byggjer på dei gamle, so at ingenting av det som er framlagt rett i dei gamle, kjem fram rangt i den nye» (s. 127). Ved å sjå meir til *Norsk målsoga* kunne dei vonleg ha unngått desse feila.

### Oppmoding til lesarane

Dette ordskiftet mellom SN og meg er ei fylgje av den kritikken eg la fram i ein artikkel i tidskriftet NLT. Eg vil difor oppfordra lesarane til å lesa denne artikkelen sjølve, so at dei kan skjønna grunnlaget for kritikken og kvifor eg meiner det eg meiner. Artikkelen ligg fritt tilgjengeleg på heimesida åt NLT (ojs.novus.no/index.php/NLT) og på heimesida mi (folk.uio.no/sverrej/).

*Sverre Stausland Johnsen,*  
professor i nordisk målvitenskap  
ved Universitetet i Oslo

«Når jeg hører denne mannen annonsere andakten, ønsker jeg at han må bli lam i tungen». Mange ofra mykje for målsaka då nynorsk skulle få fotfeste som **brukspråk**.

# «Navnet minner om Vestland, prim og lefse»

## – historier frå den tidlege målkampen

**DET DANSKNÆRE RIKSMÅLET** hadde på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet eit sterkt grep om dei fleste norske samfunnsområde. For målrørsla handla målarbeidet på denne tida difor fyrst og fremst om å få innført landsmålet på nye arenaer. Døme på slike område er skulen, kyrkja, Stortinget, universiteta og rikskringkastinga.

På alle desse områda gjekk ivrige og modige sjeler i bresjen for målsaka, og somme av dei sette tilmed karrieren på spel.

### – Eit mål for 'slarvevisor'

I 1850 gav Ivar Aasen ut *Ordbog over det norske Folkesprog*, og det markerte på mange måtar startskotet for nynorsk som brukspråk. I åra etter gjorde både Aasen og fleire med han ein viktig innsats for å vise fram nynorsk som eit dugande språk, særleg innanfor litteratur og journalistikk. Mellom dei var Aasmund Olavsson Vinje, som stod bak den fyrste nynorskspråklege avisa *Dølen* frå 1858.

For å nå ut til dei store massane var det på 1800-talet heilt naudsynt å sikre landsmålet innpass i kyrkja. Det kom tidleg omsetjingar av enkelt delar av bibelen til landsmål, men den fyrste omsetjinga av heile Bibelen låg fyrst føre i

1921. Mindre tidkrevjande, og kanskje minst like effektivt, var det å skrive salmar på nynorsk. Ein som verkeleg skjøna det, var teologen og politikaren Elias Blix. Gjennom rolla som salmediktar leverte Blix eit eineståande bidrag i å la folket få møte landsmål: Blix var den fyrste som skreiv salmar på landsmål, og han skreiv veldig mange av dei. Den fyrste salmesamlinga hans kom i 1869, men frå då av skulle det ta smått utrulege 23 år før det skulle bli lov å syngje salmane hans i kyrkja. Fram til den tid var det ikkje lov å syngje andre salmar enn dei danskspråklege som fanst i den godkjende salmesamlinga til bruk i kyrkjene. Då kyrkjelyden i Høydalsmo i Vest-Telemark likevel drista seg til å syngje «No koma Guds englar» under gudstenesta 2. juledag 1884, gjorde dei difor noko ulovleg. Situasjonen var svært merkeleg, for som Ottar Grepstad skriv i *Viljen til språk*: «I 1884 heiter kyrkjeministeren i Noreg Elias Blix, men i 1884 har ingen lov til å syngje salmar av kyrkjeministeren i norske kyrkjer». Prosten søkte etterpå departementet om lov til å syngje Blix-salmar i kyrkja, men det skulle ta heile åtte år før klarsignalet kom. Blix avslørte på 65-årsdagen sin i 1901 at det hadde vore dei som «i god tru meinte, det var aa skjemma elder vanhelga Guds

ord dette aa setja det på eit maal, som berre vart brukt til 'slarvevisor'»

Sjølv om Blix og Vinje òg kunne møte motstand i kampen for landsmålet, var det nok jamt verre om ein ikkje hadde eit namn og ein posisjon å stø seg på. Ei av dei fyrste historiene om nynorsk nybrottsarbeid frå ein «meinig mann» er frå Gausdal i 1875. Ti år før jamstillingsvedtaket i Stortinget sende bonde Per Bø inn eit brev til Hamar stiftsdireksjon og til prosten på landsmål. Prosten i Øyer var ikkje sikker på om han skjøna innhaldet «fordi man finder paa at bruke et Sprog, som aldrig har levet paa Folkets Læber, og ei er anerkjendt som Sprog». Justisdepartementet slutta seg til vurderinga av at landsmålet ikkje kunne brukast i offentlege brev. Då likningskommisjonen i Hylestad i Setesdal tok til å føre bok på nynorsk tre år seinare, ville ikkje amtmannen ha noko av «saadanne Sprogøvelser» i «offentlige Protokoller».

Slike hendingar gjorde at landsmålstilhengjarane skjøna at dei måtte ha politikarane med på laget. Særleg episoden i Setesdal var med på å framprovosere det såkalla jamstillingsvedtaket i Stortinget i 1885, som gav eit politisk signal om jamstilling. Med Stortinget i ryggen vart det langt





**TEATERSLAGET:** I 1913 vart det bråk då Det Norske Teatret vart etablert i hovudstaden. Slåstkampane vara i fleire dagar, og karikaturteiknarane lét ikkje sjansen til ei god teikning gå ifrå seg. Denne er av Jens R. Nilssen.

enklare for målfolket å kjempe for innpass på fleire område. Men kampen var langt frå vunnen, og motstanden som kom etter jamstillingsvedtaket, skulle vise seg å bli minst like hard som før.

### Nynorsk i byen

Då jamstillingsvedtaket kom i 1885, var landsmålet framleis i startgropa, og det var til dømes framleis ingen born som hadde hatt landsmål som opplæringspråk. Fyrst i 1890 vart Bygland i Setesdal den fyrste skulekrinsen der det vart undervist på landsmål i folkeskulen, og det skjedde før det hadde blitt lovfest at skulestyra kunne velje opplæringsmålet. Fyrst to år seinare, i 1892, kom lovfestinga. No skulle ein kanskje tru at nynorsk hadde vunne innpass i skulen for godt, men fleire kampar skulle kjempast. Ein ting var å vinne innpass i folkeskulane ute på bygdene. Noko anna var det å ta med landsmålet til dei høgare skulane i byen, der riksmålet i langt større grad rådde grunnen.

I 1901 vart det brudulje då Anders Lothe frå Gloppen som fyrstemann valde å skrive nynorsk på stilen til mellomskuleeksamen. Det skjedde ved Tanks handels- og realskole i Bergen. Lothe hadde grunn til å kjenne seg trygg, for kyrkje-

statsråden hadde gjeve tydelege, offentlege signal om at det var i orden. Det ville ikkje skulen godta, og fyrst etter at Vestmannalaget tok saka opp med departementet, fekk Lothe sensur. Vilåret var at han skreiv ein tilleggsstil på riksmål.

Innføringa av obligatorisk sidemålsstil til artium skjedde i 1907 – og det er kanskje den aller viktigaste milepælen for å sikre reell jamstilling for nynorsken. Det mangla ikkje på motførestillingar den gongen, og motargumenta var omtrent dei same som hjå sidemålsmotstandarane i vår tid: at det var dyrt og tok mykje tid frå andre ting. Hjernen bak framlegget om at alle gymnasiastar skulle lære landsmål, var den fyrste leiaren i Noregs Mållag – Marius Hægstad.

### «Et dagligdags språk om dagligdagse ting»

Når ein skal vinne fram med synet sitt, hjelper det godt å ha folk i viktige posisjonar med på laget. For målrørsla har ein av dei aller viktigaste maktpersonane vore Hægstad. Hægstad var professor i landsmål ved Det Kongelige Frederiks Universitet (seinare Universitetet i Oslo) og samstundes stortingsmann for Venstre. Posisjonane gav han høve til å arbeide for å gje nynorsk inn-

pass på fleire samfunnsområde, og det nytta han til fulle.

Som stortingsmann var Hægstad den som gjorde nynorsk til lovspråk, i 1894. Då vart den fyrste lova på landsmål vedteken. Lova var svært kort og heitte «Log um sams normaltids fyr kongeriket Norig». Hægstad var stortingsrepresentant og den som hadde ansvaret for å førebu lova for Stortinget, og med det nytta han høvet til å leggje fram lova på nynorsk. Ordskiftet i både Lagtinget og Odelstinget var langt, og protestane var fleire. Mellom anna vart det sagt at landsmål er «et dagligdags Sprog, som kun omhandler dagligdagse ting.» Til slutt gjekk lova gjennom på nynorsk med 44 mot 38 tøyser i Odelstinget og 18 mot 10 i Lagtinget.

På det sivile planet var Marius Hægstad professor i landsmål og den fyrste som tok til å undervise på landsmål på «det Kongelige Frederiks», frå 1899. Universitetet var det einaste i Noreg på slutten av 1800-talet. Det vart etablert på slutten av dansketida og var godt forankra i framandspråklege tradisjonar, slik universitetet flest var på den tida. Difor seier det seg sjølv at innpass som bruksspråk her ville vere ein viktig praktisk og symbolsk siger for målfolket.

En teatertabert,  
et ufuldbaaret  
foster av den stu-  
pide bonde'kultur',  
som velter sig ind  
paa folk med alt  
sit habengut – sin  
stenalderdannelse  
og sine tomme,  
rosemalte hjerne-  
kister.

Ekstrabladet etter at Det Norske  
Teatret vart opna med framsyninga  
Jeppe på Bjerget



**SALMEDIKTAREN:** Gjennom salmane fekk nordmenn frå alle samfunnslag etterkvart kjennskap til nynorsk som bruksspråk. Det skal Elias Blix (1836–1902) ha svært mykje av æra for.

Foto: Frederik Klem (Christiania)

**DEN FYRSTE LE**  
sigrar for målrør-  
målsstilen til exa

Ein organisasjon som har hatt svært mykje å seie for at nynorsk fekk innpass på universitetet, er Studentmållaget i Oslo, som vart skipa i 1900. Ein av medlemmene deira, Albert Andersen (seinare Joleik), var student av Hægstad og leverte våren 1901 eksamenssvaret sitt på nynorsk til eksamen i gammalnorsk. Ingen hadde skrive eksamen på landsmål på universitetet før. Det stod ingen stad at det var forbode, men fleirtalet i eksamenskommissjonen meinte at han ikkje burde stå. Hægstad sat sjølv i kommissjonen og var den einaste som gjekk inn for ståkarakter. Dei enda med å late det passere, men det skulle ta nokre år før det kom ein allmenn rett til å levere eksamenoppgåver på eige mål.

Den fyrste som leverte juridisk embedseksamen på landsmål, var Ketil Skogen – i 1909. Han hadde fått sterke åtvaringar mot å gjere det, for det var ikkje lov. Han stod, men karakteren vart ikkje spesielt god, så Skogen kan seiast å ha risikert eigen karriere for målsaka. Ein av sensorane skal ha skrive at eksamenen hadde vore god, hadde han vore skriven «på menneskemål».

### Teaterbråk

Mellom dei aller mest omtala hendingane i nynorskhistoria er slåstkampane under opningsdagane for Det Norske Teatret i Oslo hausten

1913. Hulda Garborg hadde stått i spissen for å få etablert eit nynorskteater midt i hovudstaden. Ho irriterte seg mellom anna over korleis bøndene vart framstilte på dei etablerte teatra, og at teatermiljøet ikkje kjende til «andre Bønde enn de traditionelle fra Københavns scenene – de som har Griseøine, Kalveben, Træsko og Stubbstakk» (i brev frå 1911 om teatersjef Thora Hansson ved Trondhjems Nationale Scene). Det Norske Teatret opna i salen til Bondeungdomslaget i Rosenkrantz' gate midt i sentrum 6. oktober. Sjølv om teateret hadde mange støttespelarar, mangla det ikkje på dei som syntest det heile var ein frykteleg dårleg idé. Det provoserte at plakatane slo fast at det fyrste stykket som vart sett opp, Jeppe på Bjerget, var omsett til «norsk», ikkje «landsmål». Som om ikkje det var nok, hadde kong Haakon vore nøgd til stades på opningsframsyninga.

Den 13. oktober, ei veke etter opninga, hadde mange gymnasiastar i byen mobilisert i salen. Dei sette i gang valdsame pipekonsertar under 'Jeppe paa Bjerget'. Pipekonsertar var lovlege og ganske vanlege den gongen, men denne var meir omfattande enn normalt. Bondeungdom hadde fått nyss i planane om aksjonen, og under framsyninga gjekk dei fysisk til åtak på gymnasiastane. Dette fekk avisa *Ekstrabladet* til å omtale framsyninga som ein «teatertabert, et ufuldbaaret foster av den

stupide bonde'kultur', som velter sig ind paa folk med alt sit habengut – sin stenalderdannelse og sine tomme, rosemalte hjerne-kister.» Denne kvelden skulle berre bli innleiinga på nokre til dels blodige dagar. Slagsmåla heldt fram under førestillingane dei neste dagane, og ikkje minst i gatene etterpå. Tusenvis av folk tok til gatene og ville vere med på slåstkampane etter framsyningane om kveldane, men fleire aviser rapporterte om fleire tusen i gatene. Det er uvisst om alle dei kampglade visste kva dei slåst om, og den same avisa skreiv: «Det er 'ramp', bare skjære 'ramp', som ikke har en tanke for landsmaal eller riksmaal, men som bare demonstrerer – mot politiet». Kampane vara ei veker tid før det heile dabba av.

Etter slagsmålet vart det diskusjon i avisene om korleis dei kunne oppstå. På denne tida hadde riksmålstilhengjarane meir enn opninga av eit nynorskteater midt i hovudstaden å erge seg over. Det var ikkje mange år sidan sidemålsstilen til examen artium hadde blitt obligatorisk. *Aftenposten* meinte det var forståeleg at ungdom demonstrerte mot «maaltyranniet» den obligatoriske sidemålsstilen representerte, og at «tid og kræfter spildes paa maalpug, som ikke har evne til at dygtiggjøre de unge for livet.» Hulda Garborgs kommentar til at sidemålsstilen skal ha vore opphavet til uroa, var at ungdomen ikkje



**AREN:** Marius Hægstad (1850–1927) var hjernen bak mange viktige skritt på den første tida, mellom anna innføringa av den obligatoriske sidemannen artium.

Foto: Ukjent/NTB Scanpix



**MEDIEPIONER:** Karl C. Lyche (1903–1971) frå Vestre Slidre i Valdres vart den første hallomannen og nyheitsopplesaren som bruka nynorsk i NRK.

Foto: Kraftmuseet

fekk meir lekser «um me spelar landsmaalsstykket i det vesle teateret vaart 6 kveldar i vika eit par maanader kvar vinter.»

### «Måtte han bli lam i tungen»

Teateret skulle etterkvart supplerast med nye arenaer som måtte erobrast. Då radiosendingane tok til i Noreg i 1925, skjønna målrørsla raskt at dei nye media kom til å bli viktige for nynorsken. Og heller ikkje her skulle nynorsken vinne innpass utan motstand.

På skipingsmøtet for det privateigde Kringkastingsselskapet midt på 1920-talet vart namnet «kringkasting» for engelsk «broadcasting» teke opp til debatt. Det vart kritisert av fleire av delegatane for å vere for «nynorsk», og éin uttala at det minte om «Vestland, prim og lefse». Namnet vart likevel ståande. Då NRK vart skipa og kringkastaren statleg i 1933, tok målstriden for alvor til. Det heile starta med at den framstående målmannen Olav Midtun vart utnemnd til riksprogramsjef. Det opplevde somme riksmålsfolk som så provoserande at dei samla inn underskrifter mot tilsetjinga, Det kom òg protestar mot at nynorsk skulle få «en bredere plass i Kringkastingens programmer enn den nu har».

For ikkje uventa kom det til å skje. Då Karl C. Lyche frå Valdres vart den første hallomannen som snakka nynorsk i radioen i 1934, kom det

store protestar frå riksmålstilhengjarar. Ein lyttar skreiv: «Når jeg hører denne mannen annonsere andakten, ønsker jeg at han må bli lam i tungen». Uroa stilna etter ei stund, og i åra etter tilsette NRK fleire nynorskbrukarar som skulle bli framstående kulturpersonlegdomar, mellom andre Hartvig Kiran.

Sjølv om nynorsk hadde vunne fram på mange arenaer eit stykke utpå 1900-talet, vart det framleis ikkje akseptert som eit fullverdig bruksspråk. Framleis skulle nynorskbrukarane få oppleve at dører stengdest fordi dei brukte nynorsk. Ein skulestyrar i Kabelvåg fekk ikkje spalteplass i Lofotposten i 1924 fordi han skreiv på nynorsk. Etter at striden til slutt hamna hjå Justisdepartementet, fekk han medhald. Nokre år etter, i 1927, vart ein elev nekta å levere eksamen på nynorsk ved Statens skogskole på Kongsberg. Bokmål kunne han dårleg, og difor strauk han til eksamen. Etter at Noregs Mållag fekk fremja saka i Stortinget, fekk han gå opp på nytt.

I dag, 125 år etter jamstillingsvedtaket, kan alle nynorskvenner nyte godt av at mange har gått i front for nynorsken, både i tidlege tider og seinare. Nynorsk pionerarbeid har vi ikkje sett for siste gong.

ASTRID MARIE GROV  
astrid.grov@nm.no

## MEIR OM MÅLSTRIDEN

- NT Mogen for fleire hendingar frå målsoga? Les meir i desse utgjevingane, som er kjelder for dette stykket:
- NT Alfred Fidjestøl, *Trass alt. Det Norske Teatret 1913–2013*, Samlaget
- NT Ottar Grepstad, *Viljen til språk*, Samlaget
- NT Jørn Øyrehaugen Sunde, «Til kamp! Nynorsk som rettspråk før, no og i tida som kjem» i heftet *Mål og Rett, Juristmållaget 75 år*
- NT Kjell Venås, *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981*, Fonna Forlag

Takk til Olaf Almenningen og Kjetil Aasen for nyttige innspel til teksten.

Mellom 12. november 2019 og 15. januar 2020 fekk Noregs Mållag 557 507 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve på nyåret, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vipps eit valfritt beløp til 90540. **Tusen takk!**

### AUST-AGDER MÅLLAG

Anne Tone Aanby  
Scott Aanby  
Karen Therese Andersen  
Ragnhild Bjåen  
Torfinn Brokke  
Kristine Foss  
Rolf Fredriksen  
Jon Olav Gryting  
Gunhild Nybø Hagane  
Aud Åsen Haugsgjerd  
Johannes Havstad  
Monica Hofuft  
Olav Hofuft  
Knut K. Homme  
Gerd Fosse Hovden  
John Gustav Johansen  
Ragnar Kaasa  
Jorunn Lande  
Birgit Lidtveit  
Jon Kolbjørn Lindset  
Astrid Moi  
Per Nordbø  
Rune Nylund  
Signe Alise Olstad  
Kari Gerd Riisland  
Olav Riisland  
Else Gyro Rysstad  
Tone Å. Rysstad  
Øystein Rød  
Randi Steinsholt  
Johannes G. Torstveit  
Helge Ove Tveiten  
Bjørn Valborgland  
Jens Vellene

### AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge  
Brynjulv Aartun  
Mari Avdem  
Hilde Anne Bakken  
Magne Bekkelund  
Harald Berg  
Torill Ørstavik Bergset  
Ole Bjerke  
Eldrid Brandvol  
Jon Steinar Bredeveien  
Jostein Brenden  
Magnhild Bruheim  
Ivar Bungum  
Kari Anna Bækken  
Inga Berit og Knut Bø  
Jan Dahle  
Ingvild Marie Eknes  
Kristian Ekre  
Ingar I. Elgvasslien  
Thor Ola Engen  
Frode Erstad  
Inger Lise Fiskvik  
Anders G. Fretheim  
Eirin Hildborg Førsund  
Randi Therese Garmo  
Olav Haraldseid  
Ola Martin Haugen  
Ida Haugum  
Ruth Maria Tøfte Heimlid  
Gaute Elvesæter Helland  
Marit Hoff  
Bjarte Hole  
Ola Holen  
Kari Hølmo Holen  
Anne Kari Kirkebøen Husom  
Helen Jensen  
Svein Jetlund  
Helen Johannessen  
Ola Jonsmoen  
Ragnhild Kjørstad  
Turid Kleiva  
Håvard Kleiven  
Ola Klepp  
Harald Kleppe  
Svanhild Vigdis Kolden  
Torunn Elise Kveen  
Inger Margrethe Kyllingstad  
Grete Langodden  
Tore Lauvdal  
Gunnar Lien  
Asgeir Lilleås  
Kirsti Lunde  
Torgunn Holm Maurset

Magni Melvær  
Johanna Mosenden  
Øyvind Myhre  
Terje Mølster  
Øyvind Nordli  
Jogrim Nordsletten  
Haldis Næsset  
Oddvar Romundset  
Randi Rosenborg  
Kjartan Ruset  
Torill Røhne  
Hans Sandviken  
Kari Schjølberg  
Jakup Skjedsvoll  
Arne Skogli  
Erling Skurdal  
Arne Skuterud  
Nils Steinar Slapgård  
Reidun Snerle  
Rasmus Stauri  
Elin Stokkenes  
Kåre Sveinhaus  
Mogunn Synstnes  
Vegard Sætervadet  
Reidun Ramse Sørensen  
Anne-Johane Sørheim  
Olrun Tallerås  
Gudmund Teigen  
Olav Teppen  
Ola Tronsmoen  
Ingrid Tørnquist  
Lars Ullgren  
Olav Veka  
Magne Velure  
Gunn Wester  
Åse Grønlien Østmo  
Bjarne Øygarden  
Reidar Åsgård

### BUSKERUD MÅLLAG

Niri Baklid  
Maria Høgetveit Berg  
Tor O. Bergum  
Hans Borge  
Herbjørn Brennhovd  
Jan Fekjan  
Ranveig Gjæringen  
Kari Glenna  
Johan Hamre  
Irene T. Hansen  
Olav Hovda  
Olav Huso  
Oddbjørn Jorde  
Frode Kinserdal  
Torill Johanne Kvalvågnes  
Sylfest Laingen  
Anna Lilleslett  
Gunlaug Lien Myhr  
Ingunn Asperheim  
Nestegard  
Arne Ommedal  
Halle Perstølen  
Unn Perstølen  
Tordis Perstølen  
Gro Randen  
Ingrid Austlid Rise  
Kari Roe  
Dagny Irene Skare  
Kirsten Skarlund  
Knut H. Skrindo  
Kjell Snerthe  
Rolf Harald Sæther  
Nils Torsrud  
Svein Olav Tovsrud  
Solveig Vestenfor  
Ragnhild Gudrun Vikesland  
Anders Olav Vøllo

### FYLKESMÅLLAGET VIKVERINGEN

Ingrid Aabø  
Bergfinn Aabø  
Ågot Aakra  
Anne M. Aarseth  
Mari Reinholt Aas  
Reidar Aasgaard  
Kaare Aksnes  
Ruth Amdahl  
Norunn Askeland  
Gurid Aga Askeland

Børre Austmann  
Harald Bache-Wiig  
Olav Befring  
Anne-Marie Berge  
Ola Bergsaker  
Leidulv K. Bergwitz  
Anfinn Bernaas  
Jostein Bernhardsen  
Erlend Bleie  
Erik Bolstad  
Reidar Borgstrøm  
Harald Brandal  
Randi Brenden  
Hæge Marie Roholdt  
Brunvatne  
Asgeir Bø  
Karen Bø  
Tormod Bønes  
Kari de la Cour  
Jenny Margrethe Dugstad  
Erik Døving  
Hans Olav Eggestad  
Gunvor Eldegard  
Gro Morken Andresen  
Emil André Erstad  
Erlend Estenstad  
Karl Eldar Evang  
Marit Egil Adrian Ramdal  
Brit Ragnhild Øydnna Fisknes  
Oddvar Flå  
Eli Frisvold  
Lisbet Frøystadvåg  
Kim S. Fureli  
Haldor Fykse  
Nell Gaalaas-Hansen  
Tor Gabrielsen  
Otto Gjerpe  
Guro Erika Trøseid  
Gjerstadberget  
Kåre Glette  
Janahan Gopalaratnam  
Leif Granmo  
Ketil Gravir  
Tom Kristian Grimsrud  
Gunvald Grov  
Jostein Grønset  
Oddrun Grønvik  
Gunnvald Grønvik  
Erik Hardeng  
Valgerd Svarstad Haugland  
Even Haugland  
Anna Sigridsdatter Heen  
Ola M. Heide  
Mildrid Helland  
Botolv Helleland  
Ingrid Grene Henriksen  
Sigrun Hestekstad  
Audun Hestekstad  
Inger Karin Hjelle  
Jarle O. Hjetland  
Edvard Hoem  
Anne Grethe Hoff  
Maj-Britt Thon Holljen  
Valborg Holten  
Beate Homlong  
Kjetil Torggrim Homme  
Gro Hornes  
Karin Strand Hovbrender  
Joar T. Hovda  
Marit Hovdenak  
Gyrid Hove  
Olav Høgetveit  
Tormod Hallstein Høgåsen  
Kolbjørn Høgåsen  
Liti Bøhle Høiness  
Ingrid Skolås Jankov  
Hilde Rognlien Johansen  
Cecilie Molvær Jørgensen  
Lena Nakken Kallevik  
Helene Urland Karlsen  
Turid Louise Quamme  
Kittilsen  
Tove Kjellerød  
Ingve Kjosås  
Anne M. Aarseth  
Jarnfrid Kjøk  
Harald Sverdrup Koht  
Kari Kolbeinstveit  
Bård Kolltveit  
Olaug Krogsæter  
Dagrun Kvammen

Åse Lager  
Edvard Lauen  
Torhild Leira  
Kåre Lilleholt  
John Petter Lindeland  
Anna Mari Lone  
Peggy Jensen Lous  
Mette Ulland Lund  
Jon Låte  
Vegard Martinsen  
Ingebjørg Bondli Mathsen  
Ida Randine Meland  
Knut Helge Midtbø  
Norvald Mo  
Arnold Mundal  
Runa Brandal Myklebust  
Finn Måge  
Johan Nedregård  
Mette Elisabeth Nergård  
Gerd Hilde Neset  
Øystein Njål Nordang  
Ingrid Thorsen Norland  
Kjellaug Norli  
Johan Petter Nystuen  
Eva Nørstebo  
Ivar Nagelgaard Omenås  
Anne Perstølen  
Alain Egil Adrian Ramdal  
Hanne Havåg Ranestad  
Benjamin Edillon Reichle  
Yngve Rekdal  
Jan-Magne Rinde  
Asbjørn Roaldset  
Tor Inge Romøren  
Siri Andrea Hagen Rudlende  
Gunnar Rusten  
Hedvig Lien Rytter  
Turid Rønning  
Linda Saxrud  
Christine Schwarz  
Solveig Schytz  
Solve Selstø  
Erik Simensen  
Toril Kristin Sjø  
Randi Sjøberg  
Tone Sjøstad  
Olav R. Skage  
Åsmund Skard  
Toril Skard  
Gunnvor Fykse Skirbekk  
Gudmund Bolstad Skjær  
Geir Skorpen  
Sigrid Skålnes  
Kåre Smeland  
Birger Solberg  
Sigrid Solheim  
Harald Stokstad  
Jon Storm-Mathisen  
Agnete Strand  
Ellen Marie Svea  
Åsfrid Svensen  
Sissel L. Sæbø  
Inger Johanne Sæterbakk  
Anne Joronn Sætre  
Morten Søberg  
Jostein Sønnesyn  
Tordis Thorsen  
Olav Nils Thue  
Ulrik Fredrik Thyve  
Eivind Tjensvoll  
Jostein Tjønn  
Halvor Tjønn  
Ellen Hellebostad Toft  
Hans Tokvam  
Odd Roger Torkildsen  
Øystein Tormodsgard  
Hilde Torp  
Morten Hagen Tveit  
Stein Tveite  
Steinar Tveitnes  
Johan Kristian Tønder  
Odd Henning Unhjem  
Per Ivar Vaagland  
Helene Valvatne  
Ivar Vasaasen  
Arild Vatn  
Inger Vederhus  
Alvhild Venås  
Jan Vevatne  
Kristi Vindedal

Kjetil Vistad  
Jørgen Vogt  
Hallgerd Wangensteen  
Møyfrid Sylvi Wergeland  
Johannes Georg Østbø  
Gjertrud Øvland  
Kristen Øyen  
Tormod Ådnøy  
Audhild Årøen

### HORDALAND MÅLLAG

Reidun Aarskog  
Haakon Gaute  
Lønning Aarø  
Olav Aas  
Norunn Agdestein  
Elisabeth Akselvoll  
Arne L. Aksnes  
Kirsti Aksnes  
Livar Aksnes  
Reidar Algerøy  
Kjersti Almenningen  
Olaf Almenningen  
Arne Alsaker  
Eva Monsen Alvestad  
Torgeir Alvsåker  
Inger Amundsen  
Sigrid B. Andersen  
Arne Andersen  
Erik Arneson  
Karin Ask  
Anne Line Asphaug  
Edel Augestad  
Åsta Løberg Bakke  
Einar Bardal  
Per Barsnes  
Jarle Berge  
Hans Jakob Berge  
Daniel Berge  
Håkon M. Berge  
Olav Berge  
Eli Bergsvik  
Linn Elisabeth Birkeland  
Kjellaug Birkeland  
Ove Sverre Bjørddal  
Bjørn Bjørlykke  
Audun Bjørnberg  
Dag Bjørnevoll  
Asbjørn Bjørnset  
Solveig Bjørsvik  
Johannes Bolsta  
Oddbjørn Borge  
Arne Brattabø  
Tor Brattebø  
Dagfinn Brekke  
Reidar Bremerthun  
Herdis Brunborg  
Bjarte Brundtland  
Endre Otto Brunstad  
Nina Mork Brunvoll  
Helge Buer  
Ragnhild Byrkjenes  
Arne Bystøl  
Kjell Jostein Bø  
Ole Sigurd Bødal  
Kjetil Børhaug  
Rannveig Bårtvedt  
Charlotte Cyrus  
Reidar Dale  
John Dalen  
Olav Digernes  
Nils J. Drage  
Inge Draugsvoll  
Torbjørn Dyrvik  
Randi Engelsen Eide  
Bodil Eidsheim  
Bjørgulv Johan Eik  
Anja Eilertsen  
Sven Arne Ekse  
Eirik Ingolf Eldøy  
Brita Marie Eldøy  
Reidun Emhjellen  
Magne Engevik  
Øystein Erstad  
Jofrid K. Espeland  
Jenny Fagerheim  
Marit Mæland Fareth  
Arnold Farstad  
Hermund Fenne  
Astrid Anne Fjeldstad

Sverre Fjell  
Erling Fjærestad  
Kåre Flatlandsmo  
Målfrid Flesland  
Johs. H. Fosse  
Geir Fossåskaret  
Siri Fransson  
Olav Freim  
Harald Frønsdal  
Olav Frøystein  
Magnhild Solveig  
Eide Furdal  
Linda Nonås Fylkesnes  
Trond Johannes Førde  
Harald Gammelsæter  
Berly Mjøs Giljarhus  
Jostein Gimmedstad  
Lars Gjostein  
Anne Marit Gjostein  
Randi Elin Glesnes  
Borghild Gramstad  
Knut Gramstad  
Endre Grutle  
Sigmund Grønsdal  
Signe Gudmestad  
Magnhild Hakestad  
Randi Nordstoga Haldorsen  
Alvhild Halleraker  
Kirsti Handeland  
Oddlaug S. Hansen  
Eli Hanto  
Lars Sigurd Hattaland  
Eldbjørg Haug  
Olav Væhle Hauge  
Kåre Johan Hauge  
Oddbjørn Haugen  
Aina Isdal Haugland  
Øyvind Haugland  
Britt Haukanes  
Torbjørn Haukås  
Jorunn Havro  
Wigdis Karin Helland  
Bjarte Helle  
Kristian Helle  
Arlid Helleland  
Johan Helleland  
Arnfinn Hellevang  
Aslak T. Helleve  
Aslak L. Helleve  
Kjell Henriksbø  
Kåre Herfindal  
Kjell Erik Herheim  
Kjartan Hernes  
Marit Hjartåker  
Åshild Gjuvsland Hjellbrekke  
Eivind Hjelle  
Kjell O. Hjellum  
Kjersti Hodnekvam  
Solveig Hole  
Karl Hope  
Arnfinn Hopland  
Helge Hopland  
Army-Sissel  
Myking Horsås  
Brit Yndestad Hovland  
Ragnar Hovland  
Anne Hunderi  
Bjørn Husefest  
Erlend Garatun Huus  
Geir Håland  
Geir Instanes  
Ingebjørg Jensen  
Sniolvur Joanesarson  
Aslaug Garnes Johnsen  
Leif Johnsen  
Marta Kløve Juuhl  
Harald Juuhl  
Egil Jøsendal  
Ingvild Jøsendal  
Randi Jåstad  
Per Olav Kaldestad  
Åse Marit Kalhovd  
Ingunn Johanne Karlsen  
Solveig Katle  
Inger Lise Kippersund  
Folke Kjelleberg  
Jarle Kjepso  
Marit Klette  
Olav Kobbeltveit  
Ståle Kolbeinson



Steinar Kristensen  
Gunnvor Kvam  
Solfrid Åsta Kvam  
Ane Kvam  
Lars Kvamsdal  
Olav A. Kvitastvein  
Ane Landøy  
Knut Langesæter  
Øystein Langåker  
Peter Larsen  
Marit Hannaas Larsen  
Lena Laupsa  
Caroline Lehmann  
Ingebjørg Synnøve Lekve  
Marit Schmidt Lie  
Asbjørn Lie  
Åsmund Lien  
Eva Maria Lim  
Torunn Hovland Ljone  
Torgrim Ljones  
Målfrid Ljones  
Anstein Lohndal  
Renate Lokøy  
Gaute Lund  
Kjellaug Lundestad  
Kåre Lutro  
Einar Lygre  
Kjetil Lygre  
Per Lægred  
Ranveig Helen Lægred  
Torstein Løning  
Audun Løvik  
Ove Leon Låstad  
Elin Madsen  
Marit Madtsen  
Frode Mannsåker  
Margunn Melkersen  
Anne Marie Midtbø  
Therese Helland Mills  
Nils Moldøen  
Lillian Morvik  
Mari Mulelid  
Marit Mulelid  
Synnøve Midtbø Myking  
Jan Myklebust  
Jostein Mykletun  
Einar Myster  
Kari Mæhle  
Nils Mæhle  
Eldbjørg Møllerup  
Eli Karin Nerhus  
Einar Nesheim  
Gunnvor Ness  
Geir Netland  
Arne Olav Nilsen  
Mailen Nybø  
Mette Karin  
Holmefjord Olsen  
Torunn Olsnes  
Agnar Omvik  
Åse Opheim  
Berit Opheim  
Aud Oppedal  
Torill Otterskred  
Anfinn Otterå  
Ragnhild Overå  
Johnny Ottar Pedersen  
Inga Rasdal  
Ivar Refsdal  
Rannveig Reigstad  
Astrid Oddbjørg Reigstad  
Berit Reinsaas  
Gunnlaug Reisaeter  
Rune Revheim  
Kjetil Revheim  
Lars Riise  
Grete Riise  
Jorunn Ripel  
Toril Romsø  
Norhild Konglevoll Rosnes  
Gudrun Rosseland  
Jarle Rønne  
Sverre Rørtveit  
Magnhild Rørtveit  
Ann Kathrin Røssland  
Knut Røyrvik  
Håkon Sagen  
Marit Sakstad  
Terje Sander  
Turid Sandstad  
Lars K. Sandven  
Solbjørg Åmdal Sandvik  
Helge Sandøy  
Emilio Sanhueza  
Heidi Iren Saure  
Gunnar Andreas Schei  
Heidi Seilfaldet  
Torbjørn Seim  
Maria Uttun Seim  
Mons Ole Dyvik Sellevold  
Gunnvor Sen  
Leiv Magne Siqveland

Kjersti Sjøtun  
Bjørn Skarabø  
Olav Johannes Skeie  
Gunvald Skeiseid  
Gunnar Skirbekk  
Ingunn Skjelvan  
Arne Skjerven  
Eivind Vågslid Skjæveland  
Øystein Skjæveland  
Arnlaug Skjæveland  
Per Skjæveland  
Asbjørg Skomsvoll  
Harald Skorpen  
Oddvar Skre  
Marie Skålnes  
Hermund Slaattelid  
Kari Smith  
Jostein Småbrekke  
Harry Solberg  
Asbjørn Solberg  
Turid Solberg  
Kirsten Margrethe Solheim  
Halldis Spilde  
Mette Løkeland Stai  
Karen Steinsletten  
Arjen L H Stolk  
Gerhard Inge Storebø  
Nelly Storebø  
Jan Gunnar Strand  
Trine Hofsvik Strønen  
Synneva Stuland  
Brit Olin Styve  
Rolf Sigmund Sunde  
Terje Svardal  
Wenche Svendsen  
Anna Sydnes  
Ingebjørg Dønhaug Sæbø  
Marianne Juvik Sæbø  
Anne Sæland  
Kjell Gudmund Søholt  
Janne Sørgulen  
Birger Taranger  
Øyvind Teigen  
Marit Teigen  
Ragnhild Thorkildsen  
Erling Thu  
Sjur Tjelmeland  
Erna Toft  
Aslaug Mork Topphol  
Johan Torekoven  
Torgeir Torvik  
Sunniva Laupsa Torvik  
Siv Trædal  
Harry Tunestveit  
Rune Tveit  
Olav Tveit  
Odd Tøndel  
Tora Tønder  
Anne-Lise Ullebø  
Liv Signe Bleie  
Ulvestadbakken  
Helga T. Utne  
Ivar Vaage  
Elisabeth Vaim  
Brit Valland  
Berit Vassenden  
Rigmor Nesheim Vaular  
Sidsel Wootton Vaular  
Aashild Dalen Veivåg  
Aslaug Veland  
Randi Vengen  
Guri Vesaas  
Arnild Vethe  
Marta Katrine Vethe  
Jon O. Vevle  
Øyvind Vevle  
Ingvild Kleiveland Vevle  
Øystein Viken  
Gry Vikesland  
Inger B. Vikøren  
Åshild Lie Vilkenes  
Jarle Kåre Vindenes  
Marit Vågsnes  
May Irene Wergeland  
Tormund Wågø  
Oddny Espeland Ystanes  
Jorunn Zakariassen  
Paula Ingelin Hermichen  
Øen  
Leif Øie  
Nils Ivar Østerbø  
Beate Østre  
Helga Nygaard Øverland  
Einar Ådland  
Magne Århus

### KARMSUND MÅLLAG

Steinar Aalvik  
Torunn Alnes  
Magne Apeland  
Reidun Hebnes Berge  
Synnøve Bredal Bjelland

Asbjørn Djuv  
Reidun Dyrseth  
Siri Eikemo  
Dorthea Sofie Erøy  
Synnøve Fatland  
Norleif Fjeldheim  
Anne Britt Gregersen  
Trygve Handeland  
Jens Håkon Horneland  
Torill Borge Horneland  
Margot Ivesdal  
Olav Torfinn Jondahl  
Lars Gunnar Oma  
Helene Paulsen  
Borghild Sævereide  
Prestegård  
Helga Reinertsen  
Trygve Sandvik  
Knut Selsaas  
Tor Sigmund Selvåg  
Kjersti Simmenes  
Sigmund Skard  
Ernst Arne Sælevik  
Lars Sævereide  
Astrid Trå Sørheim  
Jon Olav Tesdal  
Anbjørg Tungesvik  
Knut Tungesvik  
Wenche Veivåg Tveit  
Åfrid Valheim  
Svein Terje Vestbø  
Tom Vestvik  
Ingolv Vevatne  
Leiv Våge  
Aage Edvard Wiknsen  
Eldunn Irene Breivik Østhus

### NAUMDØLA MÅLLAG

Håvard Avelsgaard  
Erling Balstad  
Lillian Marie Govasli  
Liv Marit Idsø  
Jorunn Lilleslett  
Åshild Nymo  
Ole Arin Sakshaug

### NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim  
Kåre Fuglseth  
Olav Holten  
Brigt Kristensen  
Tore Moen  
Øystein Ringaker  
Marian Børli Sivertsen  
Arne Harald Tøsse  
Signe Petrine Åbergsjord

### NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot  
Jorid Aarvåg  
Jon Kristian Aune  
Olav Bergheim  
Nils Bjørsvik  
Anne Grete Witzøe Botten  
Kjellaug Brørs  
Styrkå Brørs  
Bernt Idar Bøe  
Arild Drøivoldsmo  
Lars Opdøl Flatvad  
Marie Flemseter  
Ruth Fluge  
Eli Gulla  
Trond Hals  
Eivind Hasle  
Sverre Hatle  
Jon Samuel Håbrekke  
Tora Kjelleberg  
Liv Klaksvik  
Liv Krumsvik  
Jorunn M. Kvendbø  
Roger Lillebø  
Anne Britt Røe Malvik  
Kjellaug Meisingset  
Finn Gunnar Oldervik  
Henry Opland  
Per Eilert Orten  
Ottar Roaldset  
Aase Røe  
Else Straumsvåg  
Astrid Sæter  
Rolv Sæter  
Eirik S. Todal  
Elen Maria Todal

Per Utne  
Anna Rendedal Vinsrygg  
Lars Wiik  
Øyvind Wæraas  
Kirsti Orheim Ås

### ROGLAND MÅLLAG

Kjell Aambakk  
Kjell Aardal  
Gunvor Aardal  
Gunnleiv Aareskjold  
Helge Alfsvåg  
Sigmund Andersen  
Aslaug Astad  
Ingegerd Austbø  
Lars Bakka  
Kristen Bakka  
Johannes Bakka  
Gerd Bendiksen  
Tor Bieltyvedt  
Dagfinn Birkeland  
Bjørn Bjelland  
Ingebrigt Botnen  
Oddfrid Braut  
Marit Kyllingstad Bråten  
Jan Egil Byberg  
Alf Jan Bysheim  
Gerd Helen Bø  
John Djup  
Signe Aanestad Edland  
Ragnar Egset  
Ellen Einervoll  
Gro Eriksen  
Synneva Erland  
Kjell Steinar Ervik  
Anne Farbu  
Terje Fatland  
Åse-Berit Fidjeland  
Ingrid Fiskaa  
Tore Folkvord  
Rune Folkvord  
Sonja Terese Tjøstheim Fosse  
Ove Harald Fossen  
Lars Fossåskaret  
Berit Fuglestad  
Toril Gjedrem  
Ingrid Gjesdal  
Endre Gjøll  
Rune Gramstad  
Jone Hagalid  
Erik Severin Hagesæther  
Aud Rage Hatjoulis  
Anne Berit Hatlem  
Lidvor Hatteland  
Marit Hauge  
Inge Haugland  
Sverre Haver  
Halvard Helseth  
Tom Hetland  
Terjer Hidle  
Olav Hjelle  
Kjellaug M. Hognestad  
Carl Johannes Huglen  
Jane Valaker Høgalmen  
Arna Høyland  
Terje Håland  
Marit Iversflaten  
Lene Jakobsen  
Kari Jelsa  
Håkon Johnstuen  
Kari Kallhovd  
Inge Kjøde  
Nils Ingvar Korsvoll  
Kåre Krakhella  
Herborg Kverneland  
Olav Kvernenes  
Reidar Kydland  
Jon Laland  
Magnhild Lid  
Roald Lomeland  
Torbjørn Madland  
Eli Marvik  
Gunnar Mork  
Reidar Nesheim  
Marit Ness  
Lise Lunde Nilsen  
Knut Georg Nilsen  
Nils Njå  
Knut Norddal  
Per Arne Nyvoll  
Ingvar Olimstad  
Leiv Olsen  
Inger Skretting Opstad  
Åshild Osaland  
Marit Osland  
Else Marie Lid Rasmussen  
Dag Raustein  
Oddbjørn Reime  
Jorunn Kandal Risa  
Audun Rosland  
Laila Iren Rossavik  
Magne A. Roth

Atle Røe  
Torhild L. Rørheim  
Rolf Salte  
Margunn Hetland Salte  
Ingebjørg Sande  
Milfrid Sandve  
Eli Seim  
Jorunn Jåtten Sel  
Sigfrid Selsvik  
Sigbjørn Serigstad  
Marta Skjerpe  
Wenche Skorge  
Kåre Skår  
Lars Slåttå  
Tom Soma  
Rolf Soma  
Trond Spanne  
Torgeir Spanne  
Hans Spilde  
Per Spødevold  
Jon Stangeland  
Audun Steinnes  
Odd Sigmund Sunnanå  
Einar Sæland  
Hogne Sønnesyn  
Eirunn Ø. Søyland  
Dagfrid Søyland  
Svein Kåreson Søyland  
Liv-Sigrd Taylor  
Morten Tengesdal  
Sissel Tengesdal  
Tore Thorsen  
Oddrun Tjeltveit  
Asbjørg Tjeltveit  
Synnøve Tjetland  
Ingvald Tjetland  
Inger Tjåland  
Tøyni Tobekk  
Kåre Torvanger  
Kurt Tunheim  
Else Karin Tvedt  
Bjarte Slagstad Tveit  
Aslaug Marie Undheim  
Bjarne A. Undheim  
Nils Kåre Urkegjerde  
Ottar Vandvik  
Sigbjørn Varhaug  
Robinje Melanie Versteegen  
Reidar Vik  
Valbjørg Vistnes  
Nils Bjarne Vold  
Ketil Volden

### ROMSDAL MÅLLAG

Ingar Aas  
Dagrun Gjelsvik Austigard  
Henning Austigard  
Asbjørg Baldersheim  
Harald Baldersheim  
Einar Baltzersen  
Annlaug Berge  
Petter Inge Bergheim  
Eva Bøhn  
Audrey Digernes  
Borghild Drejer  
Oddny Eikebø  
Øyvind Fenne  
Kolbjørn Norvall Gaustad  
Inga Guri Hestad  
Kåre Magne Holsbøvåg  
Liv Jordal Tangeen  
Sigmund Julshamn  
Arnild Digernes Krøvel  
Tor Kvadsheim  
Heidi Løklingholm  
Per Løvik  
Aslaug Nedrebø  
Gunnhild Austlid Oppigard  
Asbjørn Oterhals  
Reidun Drabløs Oterhals  
Peder Rekdal  
Kjersti Tytingvåg Rogne  
Elin Rønnekleiv  
Per Arne Skomsø  
Anne Karin Stokkeland  
Bjørn Sæbø  
Dagfinn Sørnum  
Ivar Vereide  
Jorunn Kittang Verlo  
Kathrin Villa  
Ann Tove Visnes  
Ingvar Magne Øien  
Øystein Øye  
Roald Øygard

### SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Eivind Johan Andersen  
Asbjørg Apalset  
Ola Austring  
Per Inge Bale

Sigurd Olav Kåre Berge  
Unni Kristin Berge  
Sidsel Bergset  
Bente Kvernevik Berstad  
Olaug Marie Bjelde  
Kjellaug Bjergene  
Saxe Bjørkedal  
Ingrid Bjørkum  
Ole Georg Blikås  
Atle Bondevik  
Gunhild Brekke  
Elfrid Kløve Brekke  
Olaug Brekke  
Herman Bremer  
Margit Bruland  
Toril Bruvik  
Marianne Bugge  
Gyda Bøtun  
Nils Distad  
Torkjell Djupedal  
Steinar Dvergsdal  
Trygve Dyrvik  
Tor W. Eikemo  
Annbjørg Eikenes  
Solgunn Eikevik  
Gjertrud Eikevik  
Kjell Erik Eldegard  
Anne Marit Voll Eltun  
Hans Engesæt  
Brynhild Eri  
Dag-Erik Eriksmoen  
Ingebjørg Erikstad  
Kjellrun Hamnes Espe  
Johannes Flaten  
Johannes Fleten  
Anita E. Flo  
Inger Eikeland Flåten  
Sverre N. Folkestad  
Eldbjørg Hunshamar Fossøy  
Jan Martin Frislid  
Ola Fugle  
Kenneth Stigen Fureli  
Ottar Færøyvik  
Einar Gautefall  
Asbjørn Geithus  
Håkon Giil  
Oddvar Gjelsvik  
Arne Gjeraker  
Marie Godø  
Sonja Mari Gram  
Magnhild Gravdal  
Kari Gravdal  
Dagfrid Grepstad  
Olav Grov  
Gunnar Hage  
Hilde Yndestad Halland  
Margit Hovland Hamre  
Ingrid Hauge  
Anne Lene Hauge  
Oddstein Haugen  
Ivar S. Haugland  
Bjarne Havro  
Edvin Helgheim  
Oddleiv Hjellum  
Ottar Hjetland  
Pernela Hjetland  
Helga Hjetland  
Marianne Hoff  
Sølvi Anne Espeland Hope  
Jorunn Hope  
Ragnar Hove  
Bjørn G. Hovland  
Linda Hovland  
Nils Husabø  
Liv Husabø  
Målfrid Husnes  
Eli Grete Melkild Hustavnes  
Marta Systad Iden  
Berit Kaardal  
Bjarne Kaarstad  
Ingunn Kandal  
Odd Kinden  
Per Kjelstad  
Lars Kjøde  
Odd Jarle Kjørstad  
Torhild Solheim Klævold  
Oddborg Hellebø Klævold  
Ragnhild-Lise Furnes  
Korsvoll  
Liv Janne Kvåle  
Kjellaug Kvåle  
Bjørn Ladehaug  
Øystein Lavik  
Rolf Losnegård  
Hjalmar Lothe  
Rune Lotsberg  
Håkon Lundestad  
Svein Lundeval  
Vidar Lægred  
Marie Løland  
Anna Karine Marstein  
Astrid Johanne Midthjell



– Nordmenn møter for mykje bokmål i kvardagen. Det seier **Peder Lofnes Hauge** (31), som er foreslått som ny mållagsleiar etter landsmøtet i april.



**OFFENSIV LEIARKANDIDAT:** – Uavhengig av kven som sit i regjering, skal Mållaget passe på at dei ikkje køddar med nynorsken, seier Peder Lofnes Hauge. Foto: Elise Årdal

## Peder Lofnes Hauge innstilt som ny leiar i Noregs Mållag

– **VI MÅ** leggje til rette for at alle møter meir nynorsk i sine bokmålsdominerte kvardagar. Bokmål er fint i dikt, men nynorsk passar til alt overalt, seier Peder Lofnes Hauge. Han meiner det er viktig både for nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar å kunne bruke og sjå nynorsk rundt seg.

Det er eit rekordstort Mållag som samlar seg til landsmøte på Sola i april. Med 13 581 medlemmer er Noregs Mållag den viktigaste språkorganisasjonen i landet og på mange måtar fagforeininga til nynorskbrukarane.

Peder Lofnes Hauge kjem frå Gløppen i Nordfjord. Han er utdanna lærar og er i dag nestleiar i Noregs Mållag. Han kjem frå jobben som politisk rådgjevar for finansbyrå Erlend Horn (V) i byrådet i Bergen.

– Bergen har gjort mykje bra for nynorsken dei siste åra, men det er først og fremst eit nasjonalt ansvar å sikre det nasjonale bruksspråket nynorsk, seier Peder Lofnes Hauge, som vil halde regjeringa i øyra.

– Uavhengig av kven som sit i regjering, skal Mållaget passe på at dei ikkje køddar med nynorsken. Ei regjering utan

omsorg for heile det norske språket kan ikkje vere ei regjering for heile Noreg.

Peder Lofnes Hauge vil overta etter Magne Aasbrenn som har vore leiar i Mållaget i fire år.

– Det er mange i organisasjonen som har peikt på Peder som ny leiar. Han kjenner organisasjonen godt, har det politiske handverket i fingrane og har klare ambisjonar for Noregs Mållag i åra framover. Me er overtydde om at han er ein god leiarkandidat, seier Kirsti Lunde, leiar i valnemnda.

### Bibliotek-kundar meir positive til nynorsk

Biblioteka opplever at fleire av lånarane deira har positive haldningar til nynorsk, viser ei undersøking.

Ei undersøking frå Framtida og Pirion viser at 27 prosent av biblioteka opplever betre haldningar til nynorsk blant lånarane sine.

– Nynorskhatet er ikkje så sterkt og framstående som før.

Det er heller ikkje like stoverint å fronta det, seier Mariann Schjeide, leiar i Norsk Bibliotekforening og styremedlem i Noregs Mållag.

I tillegg svarar 22 prosent av biblioteka at dei har auka innkjøpet av nynorske bøker. Det er til saman 125 folkebibliotek som har svara på undersøkinga. Av desse er 41 prosent skilta på

nynorsk, og det er dermed ein litt større del av bibliotek i nynorsk-kommunar som har svara, enn kommunar som er språknøytrale eller nyttar bokmål.

Dei siste seks månadene er «Jordmor på jorda» av Edvard Hoem blant dei 20 mest utlånte vaksenbøkene i Noreg.



KATHRINE NYGÅRD  
leiar i Kringkastingsringen

## Den magiske grensa

**FOR FØRSTE GONG** nokosinne har NRK greidd kravet om 25 prosent nynorsk i sendingane sine. 25,2 prosent vart resultatet i 2019. Me vil gratulere alle journalistar, redaktørar, programsekretærar, språksjefar og kringkastingsjefar med innsatsen. Godt jobba!

**DETTE HAR IKKJE** kome av seg sjølv. I mange år opplevde me at NRK tok for lett på dette kravet, og nynorsken stod litt på staden kvil, men med små opp- og nedturar. Dei siste åra har me sett ein lang større innsats, og det er no me får dei hyggjelege resultatata som me har venta på så lenge. Innsatsen såg ein kanskje først i løftet som kom i NRK Super for knapt ti år sidan. Sidan har det også betra seg i dei andre kanalane. Grunnen til at ein no greidde å bikke det magiske talet, var tydelege signal frå kringkastingsjef Thor Gjermund Eriksen gjennom heile året om at dette var viktig. Det gav resultat.

**EIN KAN SJØLVSAGT** diskutere korleis denne prosenten blir målt – og me er framleis langt frå mål når det gjeld den skriftlege nynorsken i statskanalen. Likevel viser målinga at det finst eit stort språkmangfald i NRK. Å ha eit mål å strekkje seg etter, i dette høvet eit tal på 25 prosent, er viktig. Om ein ikkje hadde sett seg eit konkret mål, hadde truleg nynorskprosenten vore mykje lågare. Då vedtaket om 25 prosent kom i 1970, var prosenten berre på om lag halvparten. Difor har 25 vore eit slags magisk tal for oss i målrørsla.

**SÅ KVIFOR NO**, 50 år seinare? Eg er overtydd om at arbeidet til både Kringkastingsringen og resten av målrørsla har vore heilt avgjerande for å halde denne saka varm, tiår etter tiår. Og det sitjande styret skulle gjerne teke æra for at ein endeleg har fått fullt gjennomslag. Eg trur likevel at siste loddet på vekta kom då NRK forstod alvoret i at språket også er ein stor del av samfunnsoppdraget dei har. Avisene har lyst til å ta betalt for nyhende på nett, men er redde for at lesarane endar opp på NRK.no. Det er krefter som ynskjer ein mindre dominerande og smalare statskanal. Finansieringa er stadig under press. NRK sitt forsvar ligg i å ta samfunnsoppdraget på fullt alvor. Språkravet fell i stor grad under dette samfunnsoppdraget. No kan NRK gå til politikerane og seie at dei har levert varene.

**DIFOR ER EG** overtydd at me også frametter kjem til å sjå gode nynorskstal i statskanalen. Noko me i Kringkastingsringen sjølv sagt jublar over! Til lukke, alle saman.

# Nynorskheider til Grindal Ysteri

Trøndelagsbedrifta **Grindal Ysteri** får Nynorsk næringslivspris 2019 for å nytta nynorsk i marknadsføringa si.

– **KORTREIST, LOKALPRODUSERT** mat er i medvind, og svært mange av dei som produserer slik mat, ser styrken i å gjera marknadsføringa på nynorsk. Grindal Ysteri er ein super representant for desse bedriftene, seier Magne Aabrenn, leiar i Noregs Mållag.

Han seier det er stas å få dela ut prisen til ei relativt nystarta bedrift utanfor det nynorske kjerneområdet.

Det er søstrene Turid og Ragnhild Nordbø som driv ysteriet, og dei har kvar sin gard med mjølkegeiter og kyr som leverer råvarer. Prisen vart delt ut i desember på Fannremgarden i Orkdal.

– Dette er ei moderne bedrift som er tufta på mykje tradisjon og berekraft. Det er godt å sjå at søstrene er opptatte av reine råvarer og tradi-

sjonelt handverk, og at nynorsken vert ein naturleg del av dette, seier Magne Aabrenn.

Ysteriet produserer ni ostar som er i sal i heile Noreg, i ulike spesialbutikkar og delikatessebutikkar. Nynorsk næringslivspris får dei fordi dei brukar nynorsk i blestinga av firmaet, både i produktnamn, i produktskiltringane på pakningane, på heimesida og sosiale medium.

Nynorsk næringslivspris er ikkje den einaste heideren Grindal Ysteri har fått i det siste. I oste-VM i Bergen i 2018 vann dei gull for osten Råblå og bronse for ostane Myrull og Askeladd. Dei har fått fleire prisar for utstillingsbodane sine på ulike matfestivalar, og jobbskaparprisen frå Rennebu kommune i år.

I tillegg til diplom får Grindal Ysteri ei heilsides lysing på prent i Norsk Tidend gjennom 2020. Tidlegare vinnararar av Nynorsk Næringslivspris er mellom andre Fjord1, Dyrsku'n i Seljord, Kleven Maritime og Sogndal Fotball.

## Gamle talemålsopptak gjorde tilgjengelege

**I FEM ÅR** har norske språkforskarar arbeidd med å skrive ned og gjere gamle talemålsopptak tilgjengelege for språkforskarar og andre interesserte. Hundretusenvis av gamle lydopptak av både samisk språk, norske dialektar og amerikanorsk har vorte tekne vare på for ettertida gjennom prosjektet Language Infrastructure Made Accessible (LIA).

Dei fleste opptaka i databasane er samla inn av språkforskarar. Dei norsk-amerikanske går attende til 1931, medan dialektopptaka er frå 1937 og seinare. Dei første samiske opptaka er frå 1960-talet.

– På desse gamle opptaka er det både uttalar, ord og bøyingar som ikkje finst lenger. Slike opptak er like mykje kulturarv som gamle spydspissar og vikingskip, seier prosjektleiar Janne Bondi Johannessen (biletet) ved Senter for fleirspråklegheit ved Universitetet i Oslo.

Resultatet av LIA-prosjektet er tre databasar som kan brukast i forskning og skulesamanheng nasjonalt og globalt. Totalt har databasane 3,5 millionar norske ord, 700.000 norsk-amerikanske og 170.000 samiske. Brukarar kan søkje med ord og grammatiske termar og få treff med lyd og video.

LIA-prosjektet har vore eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, UiT – Noregs arktiske universitet i Tromsø, NTNU og Språkbanken ved Nasjonalbiblio-



Foto: Universitetet i Oslo

teket. Prosjektet vart støtta av Forskningsrådet med over 27 millionar kroner og har hatt transkribørar på alle fire universiteta.

Janne Bondi Johannessen er glad for at ho og kollegaene har klart å samle og digitalisere opptaka. Språk endrar seg raskt, og banda opptaka var lagra på, ville ikkje ha halde særleg lenge.

– Vi er svært fornøgdde med at Forskningsrådet gav oss den nødvendige støtta, slik at vi får ta vare på desse kulturminna. Dei har stor verdi, både for forskarar og andre, seier ho.

SILJE PILEBERG FOR UNIVERSITETET I OSLO / ASTRID MARIE GROV





**OVERRASKA OG STOLT:** Turid Nordbø frå Grindal Ysteri tok imot Nynorsk næringslivspris 2019 på Fannremgården i desember. Ysteriet seier dei er overraska og stolte over prisen.

Foto: Ellinor Bergli Bustad



**NØGDE LEIARAR:** 25 % nynorsk må sjølvsagt feirast med kake. Fungerande språksjef Ingvild Bryn (f.v.), kringkastingsjef Thor Gjermund Eriksen og vikarierende kringkastingsjef Vibeke Først Haugen.

Foto: NRK

## NRK nådde målet om 25 prosent nynorsk i 2019

Etter 50 år er stortingsvedtaket om 25 prosent nynorsk nådd. – Eit tydeleg signal frå kringkastingsjefen har vore viktig, seier **Ingvild Bryn**, fungerande språksjef i NRK.

**I 2018 GJEKK** kringkastingsjef i NRK Thor Gjermund Eriksen ut og sa at NRK skulle nå målet om 25 prosent nynorsk i 2019.

– At han var så tydeleg og gav signal frå toppen var viktig. Det gav meg og Ragnhild Bjørge, som var språksjef fram til i sommar, viktig draghjelp. Det har ikkje tidlegare komme så tydeleg beskjed frå toppen om at dette var noko som skulle til, seier fungerande språksjef i NRK, Ingvild Bryn, til Nynorsk Pressekontor. Ho har til saman vore språksjef i over to år.

### Mest nynorsk på P1

I 2019 var 25,2 prosent av det samla innhaldet til NRK på nett, radio og tv på nynorsk. Prosenten har dei har jobba for i fleire år. Det er spesielt på nett at NRK har vore under 25 prosent nynorsk, fortel Bryn.

– Vi har brukt mykje tid på det, så det ville vore trist å hamne rett under. Ein brukar mykje energi og stor innsats på det, så det er klart vi er veldig glade, seier ho.

Det er NRK P1 som har mest nynorsk med 30,5 prosent i 2019. I året som gjekk har NRK også lukkast med å levere meir nynorsk innhald til nettstaden nrk.no, der nynorskdelen har auka frå 16 til 18 prosent.

### Eksempel for andre

Leiari i Mållaget, Magne Aasbrenn, har følgt spent med på utviklinga av den lova presenten.

– Det er veldig flott og set eit godt eksempel for andre statlege institusjonar om at det å følgje mållova er noko ein skal gjere, seier Aasbrenn til NPK.

Han meiner det eigentleg ikkje burde

vere oppsiktsvekkjande at ein statleg institusjon følgjer stortingsvedtak.

– Men i den verkelege verda er det langt frå alle som gjer det. At NRK tek det på alvor, er veldig bra og eit mål det er jobba mot lenge, seier Aasbrenn.

Han takkar kringkastingsjefen for at han har gått i bresjen for nynorskprosenten i NRK, og vist at det er viktig for leiinga. Han trur det har smitta over på resten av organisasjonen.

– Det NRK har vore spesielt flinke til, er å vekkje det ein kallar sovande nynorskbrukarar. Til dømes folk som har gått på skole på Stord, og har flytta til Oslo og komme bort frå nynorsken. Dei kan vekkjast og aktivast for å få oppfylt krava til NRK.

### – Godt men ikkje godt nok

Nynorsk kultursentrum skriv i ei pressemelding at resultatet er «godt, men ikkje godt nok», og skriv at presenten først og fremst er nådd med mykje dialektbruk i radio.

– Det avgjerande for nynorskbrukarane er kor mykje skriftleg nynorsk som blir publisert på NRK.no. Der har dei framleis langt igjen, med under 20 prosent nynorsk innhald, seier direktør i Nynorsk kultursentrum Per Magnus F. Sandsmark.

Direktøren strekar likevel under at det er svært gledeleg at kringkastingsjef Thor Gjermund Eriksen har nytta leiarskapen sin til å nå målet for første gong.

### Flautt å ikkje ha klart det før

I pressemeldinga frå NRK seier kringkastingsjefen at det er litt flautt at dei ikkje har fått det til før. Han meiner at å auke nynorskbruken har auka språkmedvitet i heile NRK. Samstundes meiner han dette også har vist kva NRK betyr for dialektar, samisk og kvensk.

– Det har betydd mykje at fungerande språksjef Ingvild Bryn og språkstyret i NRK har vore så oppmuntrande og skapt sjølvtilitt hos medarbeidarane, slik at mange er blitt tryggare på å bruke nynorsk, seier Eriksen.

# Råblå

BLÅMUGGOST FRÅ GRINDAL YSTERI

Forteljinga om Grindal handlar om søstrene som ikkje ville flytte heim frå setra. Så vart det til at dei tok over kvar sin gard og fekk bygd seg eit ysteri.

Grindal ysteri er eit økologisk handverksysteri, som med varsemnd foreddlar rå ku- og geitmjølk til små og store smakfulle ostar.

Råblå er ein av dei. Han vann VM-gull i 2018 og vart kåra til årets ost i Det Norske Måltid 2018.

Om smaken: «Heftig dām av rå mjølk, modent høy, algar og syrlege tonar – kompleks, men snill. Munnkjensla er krema, med

tydelege krystallar. Smaken har ei søtleg opptakt, med gode muggtonar, saltbalanse og frisk aroma. Smakane smeltar i hop, og er mildare enn ein kunne venta seg. Smakar lenge.»

Du finn han kanskje i ein delikatesse- eller MENY-butikk nær deg!



  
**GRINDAL**  




GUNNHILD SKJOLD  
leiar i Norsk Målungdom

## Gjer språkmangfaldet synlegare!

**NOREG ER, OG** har alltid vore, eit fleirspråkleg samfunn. Det store språklege mangfaldet vårt består både av dei norske dialektane, dei norske skriftspråka nynorsk og bokmål, minoritetsspråk (både dei nasjonale og dei nyare innvandrarspråk) og ikkje minst urfolksspråka våre. Dessverre er dette mangfaldet under press, både frå engelsk og frå bokmål.

**VI SOM ER** nynorskbrukarar, kjenner godt kjensla av å måtte ty til eit anna språk enn vårt eige. Riksavisene vil ikkje bruke nynorsk, mange må bruke bokmål når dei samarbeider med folk på jobben, og skoleelevar over heile landet manglar digitale læremiddel på språket sitt. Dette problemet har også mange andre språkgrupper i Noreg.

**2019 ER SNS** urfolksspråkar, og dette året blir urfolksspråk løfta fram over heile verda. For å markere dette inviterte Sametinget til ei samisk språkveke 21. til 27. november som vi i Norsk Målungdom sjølv sagt deltok på. Målet med markeringa var å synleggjere og auke kunnskapen om dei samiske språka.

**I TROMSØ, DER** eg kjem frå, er det vanskeleg å gå glipp av at samiske språk også høyrer heime i Noreg. Offentlege bygg, både statlege og kommunale, er skilta på både bokmål og nordsamisk. Korfor er det ikkje slik til dømes i Oslo? Vi veit at det er mange samar som bur i Oslo. Da bør det samiske vere meir synleg i kvardagen her også. Derfor er det bra at byrådet i Oslo vil vedta eit samisk namn på kommunen. Det håpar vi dei får på plass, og vi håpar mange andre følger etter.

**VI I NORSK** Målungdom meiner at det er ein menneskerett å få bruke og møte førstespråket sitt, og da må dei samiske språka bli enda synlegare i storsamfunnet. Her må både offentlege og private organisasjonar og selskap ta ansvar. Norsk Målungdom har til dømes lenge vore ein pådrivar for at fleire organisasjonar skal vedta samiske namn. Her var både vi og Noregs Mållag tidleg ute.

**MEN DA BLIR** spørsmålet: Kor er eigentleg dei samiske namna våre synlege? Om den einaste plassen ein kan sjå dei samiske namna våre er i lovene, da gjer dei ikkje den jobben for å synleggjere og anerkjenne dei samiske språka som vi ønskte da vi vedtok namna. Da vi markerte samisk språkveke, synleggjorde vi dei samiske namna våre på sosiale medium. Kanskje det neste er å trykke opp brosjyrar og anna tilfang med dei samiske namna våre?

gunnhild@malungdom.no



UNGDOMAR PÅ LEIR: Språkteknologi var mellom temaa då Norsk Målungdom møttest til vinterleir på Toten i januar.

Foto: Ingunn Vespestad Steinsvåg / Norsk Målungdom

# Norsken og språkteknologi

**PÅ HAUSTPARTEN VAR** eg på eit seminar om språkteknologi som Nasjonalbiblioteket og Språkrådet hadde i lag. Der fekk me høyre ein del om utfordringane med å få språkteknologien på norsk. Det førte til at me no på vinterleiren åt Målungdomen inviterte Benedicte Frostad frå Språkrådet til å koma og snakke for oss om språkteknologi.

## Manglar kompetanse

Det meste av talespråkteknologi vert laga i utlandet av utanlandske selskap. For dei aller fleste marknadene dei lagar produkt til, er det vanlege at ein har eit eller anna standardtalemål å halde seg til. Eit mål det er venta at dei fleste språkbrukarane er i stand til og viljuge til å tala. Derimot poengterte Frostad at hjå oss i Noreg er det ikkje venta av nokon å skulla tala anna enn heimemålet ute blant folk – og då kan det heller ikkje vera annleis når ein talar til dingsen sin eller i ein rettsal der ein skal laga transkripsjonar med hjelp av tekst-til-tale-teknologi. Taleatkjennning fungerer nokolunde godt i dag for sentralaustnorsk, men i varierende grad for andre talemål.

Det er mogeleg å bøte på desse hola: Det me manglar, er mange nok kompetente folk som er stødige i både norsk lingvistikk og i datateknologi. Det er eit problem

at utdanninga i datalingvistikk er lagd ned ved norske universitet.

## Personvern og opphavsrett

Ein annan ting som vantar, er store nok korpus. Mykje av talekorpusa lyt byggjast opp. Det finst korpus frå ymse sosiolingvistiske prosjekt og dessutan NRK, men desse er anten verna av personvernet eller opphavsretten. Mangt som er teke opp og transkribert nøyaktig og godt, kan ikkje brukast til utvikling, berre forskning. Det er difor viktig at lovgjevinga og kontraktar som vert skrivne under framover, opnar for at lydopptak av radio, sosiolingvistiske intervju o.l. lèt seg bruke i slike korpus.

## Fare for statustap

Me som rørsle vil nok halde fram med å ha eit mål om at norske talemål skal kunna brukast på alle område i Noreg, jf. framlegget til prinsippprogram. Det vil berre koma meir og meir talestyrt teknologi – då lyt mest mogeleg liggje til rette for at ein framleis kan halde fram med å bruke heimemålet sitt i møte med teknologien. Eventuelt er det ein fare for orddaude og overgang til andre talemål i visse kontekster – og på sikt kan dette føre til statustap for talemåla som teknologien ikkje skjønar. Det skal ikkje vera naudsynt å måtte språke korkje ute mellom folk, i rettsalen eller i heimen med kjøleskåpet.

Korleis skal me so jobbe framover? Det er tydeleg at staten og andre aktørar lyt halde fram med å stø utviklinga av språkteknologi. Nasjonalbiblioteket gjer det alle-reie med å leggje mykje ope via språkbanken. Det er klårt at det er viktig at til og med kommersielle aktørar bør få tilgjenge til det som kan brukast i teknologi. Teknologien kjem likevel, alternativet er at han ikkje verkar fullgodt for norsk.

## Lova legg ikkje til rette

Me bør difor få med oss stat, forlag, universitet og fleire på å gjera sitt. Ein kunne godt tenkt at i og med Nasjonalbiblioteket får inn både lydbooker og prenta bøker gjennom ordninga med pliktavlevering, ville det dimed vore nokso enkelt å knyte saman lyd og skrift. Men den gong ei, det vert samla inn, men ein får ikkje bruka det til utvikling av teknologi – lova om pliktavlevering legg ikkje til rette for det. Kan hende det ville gjort det mogeleg å skrive med røysta på nynorsk. Nett no kjem det berre ut på bokmål – då spørst det: Vil ein skrive med røysta og verte ferdig med meldinga, eller tek ein og skriv på gamlemåten for å få meldinga på nynorsk? Me bør få gjort noko med denne stoda, altså både for å få tale om til nynorsk tekst og for at norske talemål skal kunna bløme i møte med teknologi.

HÅKON REMØY

- 1 Røros er bygd opp kring gruvedrift og bergverk. Kva metall var det mykje av i gruvene?
- 2 Hongkong har i dag status som ein spesiell administrativ region i Folkerepublikken Kina. Kva land rådde over byen fram til 1997?
- 3 Tre nynorskforfattarar har fått Nordisk råds litteraturpris. Kven av dei fekk prisen fyrst?
- 4 Kva for ei elv renn gjennom Lillehammer?
- 5 Artisten Aslag Haugen er ein av årets deltakarar i TV2-programmet *Hver gang vi møtes*. Kva gruppe er han kjend frå?
- 6 Det norske herrelandslaget har ein siste sjanse til å koma til Europameisterskapen 2020, om dei no berre vinn to kampar i Nations league. Kva land spelar dei mot i fyrste kamp?
- 7 Dette mårdyret går i hi om vinteren, har svarte striper og vert kalla svintoks eller svinokse på Agder. Kva er eit vanlegare namn på dyret?
- 8 Den norske artisten *Aurora* (Aurora Aksnes) er nominert til ein Oscar-pris for det musikalske bidraget sitt til ein særskild kjend film. Kva heiter barnefilmen?
- 9 15. januar 1916 brann store delar av ein av dei største norske byane. Kva for ein by?
- 10 *Os* og *Fusaposten* har kome ut på Os i Hordaland sidan 1987. Kva ny kommune dekkjer avisa?
- 11 Kor mange dagar er det mellom påske og Kristi himmelfartsdag?
- 12 Kva type nøtt treng du for å laga makronar?
- 13 Gunnar Stålsett har vore både biskop i Oslo og leiar i eit politisk parti. Kva for eitt?
- 14 I kva hav kjem me over vêrfenomenet *El Niño*?
- 15 Odelstinget vedtok 1. februar 1929 at dei to offisielle skriftspråka skulle heita *nynorsk* og *bokmål*. Kva heitte dei før?
- 16 Nyttårshopprennet i Garmisch-Partenkirchen vart skipa til fyrste gongen i 1953. Kva heitte den norske hopparen som vann årets tevling?
- 17 Og i kva land ligg Garmisch-Partenkirchen?
- 18 Kva måler du med den gamle norske måleininga *kvadratalen*?
- 19 Han vert framstilt med falkehovud og er den viktigaste guden – men kva heiter solguden i egyptisk gudelære?
- 20 Suzann Pettersen, med kallenamnet *Tutta*, vann heidersprisen på Idrettsgalen i år. Kva sport heldt ho på med?

- 1 Kopar
- 2 Storbritannia
- 3 Tarjei Vesås fekk prisen i 1964.
- 4 Gudbrandsdølselågen (også kalla Lågen)
- 5 Helligvite
- 6 Dei møter Serbia på Ullevoll 26. mars.
- 7 Grevling
- 8 Frost 2
- 9 Bergen
- 10 Bjørnafjorden kommune
- 11 Kristi himmelfartsdag kjem 39 dagar etter 1. påskedag
- 12 Mandlar
- 13 Han var leiar, eller formann, i Senterpartiet i perioden 1977–79
- 14 Stillehavet
- 15 Landsmål (nynorsk) og riksmål (bokmål)
- 16 Marius Lindvik
- 17 Tyskland
- 18 Areal (1 kvadratalen ≈ 0,3937 m<sup>2</sup>)
- 19 Ra eller Re
- 20 Golf



**RØYND PRESSEMANN:** Jan Inge Fardal tok til i Nynorsk pressekontor 1. februar etter å ha vore redaktør i Sogn Avis i 13 år. Foto: Halvor Farsund Storvik / porten.no

## Ny redaktør og leiar i Nynorsk pressekontor

Jan Inge Fardal er ny ansvarleg redaktør og dagleg leiar av Nynorsk pressekontor (NPK). Fardal kjem frå stillinga som ansvarleg redaktør i *Sogn Avis*.

**- VI ER SVÆRT GLADE** for å ha fått ei redaksjonell kraft som Jan Inge Fardal til å leie Nynorsk pressekontor framover, kommenterer Tom Hetland, styreleiar i Stiftinga Nynorsk pressekontor.

Fardal kjem frå stillinga som ansvarleg redaktør i *Sogn Avis*. – *Sogn Avis* er ei av dei fremste nynorske lokalavisene i landet, og vart kåra til Årets lokalavis i 2015.

Fardal har som ansvarleg redaktør sidan 2006 ein stor del av æra for dette. Samstundes har han halde den utøvande journalistikken ved like, og fekk i 2017 Landslaget for lokalavisar sin journalistpris.

Hetland legg til at Fardal som mangeårig leiar av Vestafjelse Redaktørforening har eit stort nettverk blant mediefolk i kjerneområdet til Nynorsk pressekontor, og god innsikt i kva utfordringar lokalavisene står overfor.

– Nynorsk pressekontor har vore inne i ei svært positiv utvikling dei siste åra, og vi trur Fardal vil vere ein energisk pådrivar for vidare framgang og fornying, seier Hetland.


NPK har som si fremste oppgåve å styrkje nynorsken i pressa, og nyheitsbyrået leverer i dag nyheitsstoff på nynorsk til om lag 40 aviser som publiserer på nynorsk eller begge språk.

– Når du er oppteken av viktig journalistikk på nynorsk, er det vanskeleg å finne ein meir spennende stad å vere enn NPK. Dette er eit oppdrag eg er verkeleg glad for å få og som eg ser fram til å gå laus på, seier Jan Inge Fardal sjølv om tilsetjinga.

Fardal tek over etter Karoline Riise Kristiansen, som er ny språksjef i NRK.

**NPK-NTB**

**NT FALSH** Henta frå Sigmund Falch: *Den stemmaste dokka i Drammen, Schibsted / Vigmostad & Bjørke 2015*



*Finstad hadde ropt «kuk» under takk-for-maten-tala. Han fekk ikkje koma inn att før han hadde roa seg ned litt.*



RIKE	STILLING		OPEN- BERR	SAMLAR SEG LAGER		REKNE		HELDIG AVKOM	TIL	VAN		GUDINNE	LENDE	SLEKT- NINGEN
	BARNE- BORN			FLIRE		FRAMLUTT BERG				JULARBOS DRAUM	FERD PÅ SKJENER			
								GREITT						
								LYDNAD						
FREISTING										NES				
TEK						UTKIK						I DET FRIE		
BRUKER TENNENE						FAKKAR						MORO- SAME		
			TILBAKE- BLIKK							BOK- HANDEL				
			KORTSPEL							LYSRAUD				
SCENE- KUNST							GRØNT DEKKE			SKORPE		STONE		
							SKRIK			GROEN M.M.		BY PÅ ISLAND		
TIDS- EKSPERT								FIRKANT		TOGG DRØV				UT AV
BRENSELET										PLANTER				
						FRAMAND- GJORD						SYMBOL		
						STILLING						VANDELS- OVERSYNET		
KOM BORTI							GL. HORN- BLÅSAR							
TILÅRS- KOMEN							FEIL							
					LENGD									
					FULL AV FUTT			DUFT			RAUDFISK			HAVELLE
TEOLOG									MATE- MATIKAR			HAR		
RENDE									GELATIN					
	PORTUG. POLITIKAR								PROFET					
	INDIREKTE								GRESK EPOS					
										TA PÅ		TJUVERI		
												SETJE AV		
BLÅSAR		FLATE						KNOKKEL HØGT OPPE						DÅRLEG HUMØR
		LEIE						BØR MAT						
GRÅBEIN							HOVUD- STAD						ANDRE PERSON	
FARGE							KORT		EINFELT HUSVÆRE				KJÆRLEIK	
					DESSERT									
					REINSE- REISKAP			GUDINNE				FOSTRE		FOR- STAND
								HA I SEG				TIL HUSET		
FARTS- REGU- LATOR									OMSUNGEN BYÅRE					
									IKKJE					
										MINKANDE MÅNE		FER SEINT		
GODBIT							AVKASTING PÅ FORMUE							
HANDLAR														NT NR. 1 2020

IS MEIR SØR	T	S	O	A	V	U	R	S	T	I	G	N	I	N	G
TEMPERATURSTIGNING															
LINJEN															
TENESTEN															
TREBLÅSEINSTRUMENT															
ØUV															
TRAFIKKUTEPUNKTET															
TUA															
TERRITORIALFARVATN															
TRONTALEORDSKIFTE															
ELPLASSINGSVANSKAR															
TILPASSINGSAHATTAM															
TOHUNDREKRONesetel															
LYSER															
ASE															
TVANGSFØRESTILLING															

**Vinnarar av kryssord nr. 5, 2019:**

Ståle Fitje, Sandane  
Erik Bråthen Solem, Oslo  
Sigvor Bjørkedal Øvregård, Folkestad

**Send løysinga til:**

Noregs Mållag  
Lilletterget 1  
0184 Oslo  
eller e-post:  
norsk.tidend@nm.no

**Frist: 13. mars**

Merk konvolutten «Kryssord».  
Rett løysing kjem i neste utgåve.  
Tre vinnarar vert trekte ut og får  
ein fin premie.

**Namn :** \_\_\_\_\_

**Adresse:** \_\_\_\_\_

**Postnummer/-stad:** \_\_\_\_\_

# KRAMBUA

**Paraply.** Samanleggbar liten paraply med oransje logo. **Kr 390,-**

**Circle K-krus** inkludert kaffiavtale. Termokrus som gjev deg gratis kaffi på alle Circle K-stasjonar ut 2020. **Kr 299,-**

**Berenett.** I bomull. Bli synleg i trafikken! **Kr 45,-**

**Fat.** Stilsikker logo på stilsikkert fat frå Verde-serien til Figgjo. Høveleg til både grill- og jolemat. Diameter 20 cm. **Kr 200,-**

**Notabok.** «Gjennom ord blir verda stor». **Kr 180,-**

**Pennal.** Med teksten: «Skriv nynorsk». **Kr 75,-**

**Krus.** «Nynorsk til meg, takk!» på Verde-koppen frå Figgjo og formgjevar Johan Verde. Ein klassikar med klassisk slagord! **Kr 200,-**

**TILBOD! Fat + krus. Kr 330,-**

**Krus** med trykket: *Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld.* Tarjei Vesaas, 1950. **Kr 180,-**

**Krus** med trykket: *Skogen stend, men han skifter sine tre.* Olav H. Hauge, 1965. **Kr 180,-**

**Bagasjelapp** med logo og fotografi. **Kr 60,-**

**Ostehøvel i stål, oransje,** frå Bjørklund. **Kr 200,-**

**Ostehøvel i stål, matt svart,** frå Bjørklund. **Kr 200,-**

**Jakkemerke**

- «NyNorsk»
- «Slepp nynorsken til»
- «Gjennom ord blir verda stor»
- «Takk, Ivar Aasen!»

**Kr 10,- per stk., kr 50,- for 20 stk.**

**Aasen-panneband** i ull. **Kr 200,-**



Send e-post med tinging til [krambua@nm.no](mailto:krambua@nm.no), ring til **23 00 29 30**, eller gå inn på [www.nm.no](http://www.nm.no). Sjå innom heimesida for andre tilbod.

Hugs at vi kan gå tom for somme artiklar. Det er såleis ikkje sikkert at du får alt du tingar.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

# MÅLLAGET INFORMERER



## LANDSMØTE I NOREGS MÅLLAG

Fredag 24. til søndag 26. april 2020 er det landsmøte på Quality Airport Hotel Stavanger ved Sola lufthavn. Alle lag har fått tilsendt informasjon, og all informasjon ligg også på nettsidene til Noregs Mållag. Styret har invitert kultur- og likestillingsminister Abid Raja til å snakka om språklova (ikkje stadfest at han kjem), landsmøtet vedtek nytt prinsippprogram for organisasjonen og drøftar blant anna opplæringslova og vurderingsordningane i skulen. Fredag kveld er det middag og kulturkveld i Sola kulturhus med Tønes og Tore Renberg. Laurdag er det festmiddag på landsmøtehotellet. Påmeldings- og betalingsfrist er 15. mars.

## TRYGGE MØTEPLASSAR

På landsmøtet i 2018 vart det vedteke nokre retningslinjer for trygge møteplassar i Noregs Mållag. Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette i Noregs Mållag har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre

og møte kvarandre med respekt. Det er etablert egne rutinar om det kjem varsel om kritikkverdig åtfærd. Framfor store tilskippingar skal sentralkirken leggje til rette for kjønnsdelte formøte, og det blir det i framkant av landsmøtet i april.

## NY MØNSTERLOV

Det er årsmøtet i kvart lokallag som vedtek egne lover for lokallaget. Mållaget har likevel utarbeidd ei mønsterlov for lokallag slik at det skal vere lettere for lokallaga å vedta egne lover. No er ho komen i ein ny og oppdatert versjon. Du finn lova på nettsidene [www.nm.no](http://www.nm.no).

## FRAMLEGG TIL NYTT PRINSIPPROGRAM

Ei nemnd har kome med framlegg til nytt prinsippprogram for Noregs Mållag. Lokale mållag vert oppmoda om å diskutere saka på årsmøtet og kome med innspel og endringsframlegg før styret vedtek si innstilling til landsmøtet. Fristen er 19. februar.

## MOMSKOMPENSASJON

Lokale mållag kan søkje om momskompensasjon. På nettsidene er det lagt ut søknadsskjema. Om lokallaget sender inn skjemaet og signert rekneskap med årsmeldinga, har me alt me treng for vår samla momsrefusjonssøknad. Fristen er 1. august 2020.

NB! Lag som ikkje er registrerte i frivilligregisteret, får søknaden avslått. Dette er ikkje det same som å vere registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.

## REFUSJON AV MEDLEMSPEGAR

Medlemspengerefusjonen for 2019 vert utbetalt i februar til laga som leverte årsmelding for 2018. Ta kontakt om de har spørsmål om beløpet, utrekninga eller noko anna.

## SØK OM ORGANISASJONSMIDLAR!

I 2020 er det sett av 300 000 kroner i organisasjonsmidlar, som lokal- og fylkeslaga kan søkje om å få bruke i sitt lokale målarbeid. Laga kan søkje gjennom heile året. På nettsidene finn de meir informasjon.

### Tilsette:

**Gro Morken Endresen**, dagleg leiar, tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60, [gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)

**Erik Grov**, organisasjonskonsulent, tlf. 23 00 29 30, [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no),

**Per Henning Arntsen**, økonomikonsulent, tlf. 23 00 29 34, [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

**Ingar Arnøy**, skulemållagskrivar, tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00, [ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

**Hege Lothe**, informasjons- og organisasjonskonsulent, tlf. 92 64 83 48, [hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)

**Astrid Marie Grov**, kommunikasjonsrådgjevar, tlf. 23 00 29 32 • 90 72 96 15, [astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)

**Marit Aakre Tennø**, politisk rådgjevar, tlf. 45 47 17 16, [marit.tenno@nm.no](mailto:marit.tenno@nm.no)



## NORSK MÅLUNGDOM

[malungdom.no](http://malungdom.no)

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 Oslo  
Telefon: 23 00 29 40  
E-post: [norsk@malungdom.no](mailto:norsk@malungdom.no)

**Kontonr.:** 3450.65.48707

**Leiar:** Gunnhild Skjold, Telefon: 97 41 71 45 • 23 00 29 40, E-post: [gunnhild@malungdom.no](mailto:gunnhild@malungdom.no)

**Dagleg leiar:** Ingunn Vespestad Steinsvåg, Telefon: 45 69 33 60 • 23 00 29 40, E-post: [norsk@malungdom.no](mailto:norsk@malungdom.no)



## NOREGS MÅLLAG

[nm.no](http://nm.no)

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO  
**Telefon:** 23 00 29 30  
**E-post:** [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no)

**Kontoradresse:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Kontonr.:** 3450.19.80058

**Leiar:** Magne Aasbrenn  
**Mobil:** 97 97 00 65  
**E-post:** [magne.aasbrenn@nm.no](mailto:magne.aasbrenn@nm.no)


1 ■ 2020  
**Norsk Tidend**  
Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*

Prent: Nr1Trykk as  
Opplag: 14 600  
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonsar:  
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm  
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm  
Spaltebreidd: 45 mm  
Kvartside: kr 3 000,-  
Halvsida: kr 5 000,-  
Heilsida: kr 9 000,-  
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 2 – 2020:  
**6. mars**



RETURADRESSE:

Noregs Mållag  
Lilletorget 1  
0184 OSLO

Nr. 1 • februar 2020

# Norsk Tidend

Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*

– Eg har gjort ein jævla god jobb.

Trine Skei Grande då ho forlét jobben  
som kultur- og likestillingsminister i januar

## PÅ TAMPEN

**ALT ELLER INGENTING.** Eg er ikkje åleine, me er mange som har det sånn. Anten går me all in, eller så lar me det like godt vera. Difor står det køar av folk med panteflasker etter julefeiringa, og difor er januar den perfekte tida for kvit månad – eller om lag 30 alkoholfrie dagar, som det strengt tatt er snakk om. Eg er der sjølv. Etter eit 2019 fullt av feiring, ferie, fest og sorgsløkking, gjer det godt for både kroppen og psyken å reinsa litt opp i systemet. Rett og slett gje det ein liten pause.

**NOKO AV DET** eg har rukke å tenka på i denne litt rolegare perioden, er nettopp korleis denne tankegangen pregar livet. For det gjeld på ingen måte berre alkohol. Sjå berre på treningssentera rundt om, som har vore fulle sidan nyttår, men begynner å komma tilbake til den vanlege tralten no når folk har kasta nyttårsforsetta på båten, og lever vidare som før. Klarer ein ikkje å følgja det perfekte treningsprogrammet, kan ein like godt la det vera. Sjølv vaks eg opp med ein far som såg på det som ei kjempebragd – på grensa mot det uopnåelege – å klara å berre eta ei rute sjokolade. Fekk han ikkje eta seg mett på sukker og feitt, kunne det vera det same.

**OG EG KJENNER** det sjølv. Ser ein på kvar del av livet som eit lite prosjekt, kan ein motivera seg for dette vesle prosjektet. Ei pils i midten av januar hadde ikkje funka. Då hadde ikkje resten av månaden blitt kvit. Prosjektet er uansett mislukka, og då spelar det inga rolle kva eg gjer resten av månaden.

**MEN DET ER** jo berre tull. Kroppen har sjølv-sagt nett like god nytte av å vera promillefri dei siste to vekene, sjølv om det ikkje blir ein samanhengande månad. Ei treningsøkt i veka er mykje betre enn ingen, sjølv om planen var å trena fire gonger i veka. Og kva med resten av livet? Eg flyr kanskje (eller eigentleg heilt sikkert) altfor mykje når eg turnerer landet rundt. Men om eg droppar flyet, og heller tar toget eit par gonger i året, blir ikkje reduksjonen av flyreiser mindre verd, berre fordi eg elles flyr ofte. Bruker me to kyllingfiletar i staden for fire til middag, må halvparten så mange kyllingar avlast opp og drepast.

**SUMMEN AV ALLE** dei små tinga kan fort bety noko, sjølv om ein ikkje klarer å nå dei heilt store måla. Det skal eg minna meg sjølv på når eg reiser til hovudstaden for å gå på fest eit par dagar før februar tar til.

ANDERS TOTLAND

<https://totlanders.wordpress.com/blog>



**GLAD GJENG:** Ingenting å seie på stemninga då Ronny Brede Aase (i midten) tok imot Kringkastingsprisen 2019 frå dagleg leiar Kjartan Helleve og styreleiar Kathrine Nygård i Kringkastingsringen.

Foto: Jonny Jeremiassen Tomter

## Kringkastingsprisen til Ronny Brede Aase

Mangeårig programleiar i P3 **Ronny Brede Aase** har fått Kringkastingsprisen 2019.

**NT** Den elles så ordrike programleiaren skal ha blitt uvanleg fåmælt då han utan varsel blei overraska med prisen på direkten på P3morgen, fortel Kringkastingsringen som deler ut prisen, i ei pressemelding.

**NT** Organisasjonen meiner Ronny Brede Aase har vore ein tydeleg og viktig ambassadør for nynorsk i mange år. I grunngevinga blir det mellom anna peikt på at programleiaren på klingande sunnfjorddialekt har losa lyttarane gjennom nesten tre tusen sendingar på P3morgen. – Gjennom si openheit og stoltheit for dia-

lekten har han vore med på å gjera mange andre unge stolte over språket sitt og heimstaden sin. Vinnaren har allereie fått det som finst av nynorske medieprisar, og med denne er det full pott på nynorskpris-fronten, skriv juryen.

**NT** Kringkastingsringen rosar prisvinnaren for å ha gjeve eit ansikt til nynorsken og til Sogn og Fjordane, berre ved å vera seg sjølv.

**NT** Kringkastingsprisen blir delt ut kvart år til ei røyst i eteren som utmerker seg med godt språk i radio eller fjernsyn og som på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet. Tidlegare har mellom andre Arill Riise, Ingerid Stenvold og Are Kalvø fått prisen.

NPK